attlagd til eng. Ein annan god grunn er at myrjorda er fatig på alle mineralske næringsstoff, og ei sterk kalking kan binda eller på annan måte hindra plantane i å ta opp nok av dei små mengder mikronæringsstoff som måtte finnast i myrjorda. Resultatet vil alt for ofta vera at ein sjølv på myrjord som er medels sterkt kalka, kan få sterke symptom på andre skortsjukdomar på mikronæringsstoff som ikkje er tilførde og som omveges kjem av ei litt for sterk kalking.

Så vel sandjord som aur- og skredjord kan ofta vera svært sure, og ein stor del av desse jordslaga i Vest-Noreg vil i høg grad ha trong for å verta kalka. Det same vil ofta vera tilfelle med leirjorda. Men ein bør helst bruka litt mindre kalk på slik jord enn på myr, og kalkmengder på 5 til 6 hl skjelsand eller om lag 200 kg kalksteinsmjøl pr. dekar med 6 til 8 års mellomrom skulle vera høvelege. På myr bør ein helst kalka litt sterkare, men meir enn 8 hl skjelsand pr. dekar bør ein helst ikkje bruke.

5. Magnesium.

Det er lang tid sidan det vart kjent at magnesium er eit naudsynleg næringsstoff for alle plantar, og eit næringsstoff som plantane brukar mest like mykje av som av kalsium, og like mykje av som av fosfor. Magnesium er såleis ikkje noko mikronæringsstoff. Ein veit også at magnesium har mange viktige oppgåver i plantekroppen, og at det såleis er sers viktig for laging av bladgrønt eller klorofyll, og ein vil også finna om lag 10 prosent av alt magnesium i blada att i klorofyllet. Magnesium har også stort verd for frøsetjing og frølaging hjå plantane.

Men trass i alt dette har ein ganske enkelt «gløymt» å gjødsla med magnesium, venteleg av den grunn at ein har gått ut frå at det var nok magnesium i jorda for forsyning av plantane med dette næringsstoffet, og i eldre tid kunne det kanskje vera så, men slik er det ikkje i dag.

I dei seinare åra har kravet om stadig større avlingar ført til ein sterk auke i bruken av kunstgjødsel, og dei tre vanlege kunstgjødselslaga har med kvart vorte «reinare» og meir høg-prosentige. Dette har ført til at spørsmålet om magnesium har vorte eit meir og meir alvorleg problem i planteproduksjonen. Skort på magnesium hjå dei ymse planteslag er i dag svært vanleg i dei regnrike strok i Vest-Noreg, og ikkje nok med at avlingsmengdene kan minka meir eller mindre sterkt, den kvalitative avlingsminken med omsyn til magnesiuminnhaldet i förplantane som alltid vil koma først, kan føre til krampe hjå husdyra og svært ofta med dødeleg utgang, eller til latent krampe og vantrivnad som set yteevna til husdyra sterkt ned. I det tørrare og meir innlendte verlaget i Aust-Noreg vil vel skorten på magnesium ikkje vera fullt så ille, men likevel ille nok.

Skorten på magnesium vil om lag alltid syna seg sterkest på lett gjennomtrengeleg sand- og grusjord. Men skorten kan også syna

seg svært sterke både på myr i gammal kultur og på nydyrkede myrjord. Ein har også funne svært mange tilfelle av sterke magnesiumskort både på aurjord og skredjord, og i somme tilfelle har ein også funne ein viktigere magnesiumskort på leirjord. Magnesiumskorten i Vest-Noreg er såleis ikkje knytt til nokon bestemt jordtype.

Det ser elles ut til at skorten på magnesium i nokon mon heng saman med verlaget, og skorten synes å koma sterkest og mest jamnt fram i kjølegt og regnfullt vår- og sommarver. Det ser like eins ut til at magnesiumskorten både er meir vanleg og svært sterkt i frukthagar der ein ofte gjødslar med meir enn 100 kg kaliumgjødsel 33 % pr. dekar, enn der ein gjødslar meir rimeleg med kalium.

Eg skal her få nemna nokon få døme på kor sterkt og alvårleg magnesiumskorten kan vera i Vest-Noreg. I 1946 fann eg fleire døme på at timotei praktisk talt var døydd ut av plantesetnaden alt i første års eng, og dei få timoteiplantane som var att, synte svært sterke symptom på magnesiumskort. I 1953 tok eg ei inspeksjonsferd for forsøk i Sogn og Fjordane i første halvdel av juli månad. Av alle potetåkrane eg såg, var det berre svært få som ikkje hadde viktigare eller sterke symptomer på magnesiumskort. Somme åkrar var «gulskjoldute» og på grensa mot full visning, og i eit tilfelle var ein åker heilt nedvisna av magnesiumskort i førstninga av juli månad. Ein mindre gardbrukar i Sunnfjord hadde 6 mjølkekryr på båsen, men vinteren 1953–54 mista han tre dyr av krampe. Ein annan gardbrukar hadde havt 11 mjølkekryr, men hadde mista fem kyr på to år, også av krampe. Jorda hjå den minste gardbrukaren var aurjord og sandjord, og jorda hjå den største gardbrukaren var for det meste gamle elveavleiringar av sand og grus, og det var sterke symptom på magnesiumskort på mest kvar einaste plante. Ein må også nemne at same gardbrukaren i 1953 sådde att om lag 5 dekar til eng mei berre timoteifrø. Men alt i 1954 var om lag all timotei gått ut, og dei få timoteiplantane som var att, var både små og hadde svært sterke symptom på magnesiumskort. Enga var på så stutt tid gått over til ei grissa villeng som måtte pløjast oppatt hausten 1954.

I 1956 fann ein sterke symptom på magnesiumskort hjå frukttrær fleire større hagar i Sogn så tidleg som i første halvdel av juli månad. Ei nermare granskning synte at også underkulturan av eng, havre og kålrot, hadde like så sterke symptom på magnesiumskort som trea. Både dette og dei andre døma ein har nemnt her, vil syna at magnesiumskorten både er svært vanleg og eit alvårleg problem i vestnorsk jordbruk i dag.

Det er knapt nokon annan skortsjukdom som syner så sterkt varierte symptom både på dei einskilde planteslag og dei einskilde plantearter som skorten på magnesium. Symptom på magnesiumskort kan skifta karakter etter som dei synar seg tidleg eller sein i veksttida, og etter kor sterkt skorten er. Symptom hjå dei ymse planteslag kan også syna seg nokså sterkt utan at ein av den grunn vil få

nemnande stor eller sikker avlingsmink. For sjølv om skorten er nokså sterk, vil plantane som regel utvikla seg om lag heilt normalt både i høgd og med bladverk, og skilnaden mellom heilt friske og sjuke plantar, vil oftest berre vera at bladverket skifter farge frå grønt til grøngult, gulgrønt, gult eller rustbrunt og raudfiolett. Men ei slik fargeskifting vil gjerne ha lite å seiia for avlingsvektene, kvaliteten av avlinga kan derimot gå sterkt ned.

Hjå alle plantar av grasfamilien vil det første typiske symptom på magnesiumskort, vera den så kalla tigerstriping (tiger mottling). Det vil seiia ei perleband-liknade rad av ljosare og mørkare grøne punkt mellom nervane i blada si lengderetning. Hjå dei fleste grassplantar kjem tigerstripinga som regel til syne først i veksttida, og hjå somme plantar kan stripinga vera nokså klårt markert, medan den hjå andre kan vera monarleg veikare. Somme tid kan perlebandsstripene forsvinna meir eller mindre fullstendig etter kvart som planten veks. Men som regel er dette berre «å sjå til», for litt lenger ut i veksttida kan skortsymptoma koma att med grøngule, gule, rustraude eller raudfiolette og flekkute blad, og anten med svært veik eller slett ikkje tigerstriping. På andre planteslag kan tigerstripinga halda seg og breia seg til dei øverste blada etter at planten har skote aks.

Hjå b y g g vil tigerstripinga ikkje vera serleg klårt markert, og stripene vil praktisk tala gå bort når bygget veks. I staden vil bygget etter kvart få grøngule, bleike blad ofta med grønlege og gule stripere og små, halvtørre flekkar inne på blada. Er det sterk skort, vil dei øvre blada verta matt, grøngule og gule, sjeldnare med matte raudfiolette stripere, og somme tid vil blada rulla seg lett saman mot oversida medan dei nederste blada vil vera heilt visne. På dette stadium vil ein ikkje sjå tigerstriping.

Hjå h a v r e vil tigerstripinga som regel vera nokså klårt markert på dei unge plantane heilt opp til femte og sjette bladet. Men når det kan sjå ut til at magnesiumskorten ikkje er serleg sterk, kan tigerstripinga forsvinne litt etter kvart når havren veks, og det kan sjå ut til at havren «veks skorten av seg». Dette er likevel ikkje tilfelle, for magnesiumskorten skifter berre symptom og kan litt lenger ut i veksttida koma att med at dei nederste blada vert heilt gule eller visne, og dei øvre blada kan verta striput grøngule, eller rustraude og raudfiolette i stripere, med berre veik tigerstriping som ofta ikkje synes. Det øverste bladet kan ofta rulla seg sterkt saman på langs, verta gulgrønt eller sterkt raudfiolett og stift opprett. Havren vil ofta ha vanskeleg for å skyta aks, og når den skyt, vil dei nederste småaksa i havretoppen vera utan kjerne som synt på fig. 3.

I 1947 vart ein del av ein havreåker som såg slik ut, dusja med 2 prosent oppløysing av magnesiumsulfat. Dusjinga vart utført i august månad, og med unnatak av dei nederste, gule og visna blada, vart den dusja delen av åkeren normalt grøn etter 6 til 8 dagar. Den del




Fig. 3. Havre med magnesiumskort.

av åkeren som ikkje var dusja, hadde derimot like sterke symptom på magnesiumskort som før. Det kan elles vera stor skilnad i fargeskifting mellom havresortane. Somme sortar vil ut i veksttida få gulgrøne og gulstripete blad med matt grøne flekkar i mellom. Andre sortar kan få både grøngule, rustraude og sterkt raudfiolette blad i stripet og flekkar med avbrotne, perlebandliknande stripet på matt grøne flekkar. Dei nederste blada vil alltid vera gule eller visne, og er magnesiumskorten sterk, vil havren verta stuttvaksen, aksa kjem ikkje alltid ut or skjeda, og avlinga kan verta svært ring.

Hjå timotei er tigerstripinga som regel noko mattare enn hjå havre, og timoteiblada vil som regel også få ein matt, grøn til grågrøn farge. Er magnesiumskorten noko sterk, vil timotei ofta ha ei nokså markert tigerstriping heilt opp til øverste bladet etter

aksskyting. Den mattgrøne til grågrøne fargen kan vera så sterkt herskande at ei heil eng kan sjå matt gråleg-grøn ut med dei nederste blada anten gule eller visne. Likevel kan ei slik timotei-eng ofta vera om lag normalt utvikla både i høgd og med bladverk. Er magnesiumskorten serleg sterk, vil timoteiplantane verta meir stuttvaksne og få rustgule blad med nokså sterkt mørke små punkt mellom nervane. Dei ljósare grøne punkta som er vanlege ved tigerstriping, vil anten vera ljost rustfarga eller heilt borte, og bladspissane vil ofta vera heilt visne. Dei øverste blada som enno har grønfargen, vil ha ei nokså klår tigerstriping på dei mattgrøne blada som er små og stive, og spikja litt opp og ut. I slike tilfelle vil det vera få timoteiplantar som klarar seg ut i andre engåret, og enga vil snøgt gå over til «villeng».

Dei andre enggrasa syner om lag dei same symptom på magne-

siumskort som timotei, men symptoma er som regel ikkje fullt så klåre og skorten synes heller ikkje å vera fullt så sterk. Raigras har sjeldan klårt markert tigerstriping, men dei nederste blada vil svært ofta verta tidleg grøngule til gule, og når ein haustar ei blandingseng av timotei, raigras og andre gode gras i midten av juni, kan den nedre halvdelen av graset ha grøngule og gule eller visne blad, medan den øvre delen vil vera matt grøn. Engsvingel kan somme tid ha nokså klår tigerstriping, men blada vil ikkje vera fullt så matt grøne som hjå timotei. Dei nederste blada vil likevel tidleg verta gule eller visne. Engrapp reagerar på om lag same måten som timotei, men magnesiumskorten er svært sjeldan serleg sterk hjå engrapp. Sams for alle enggrasa er at dei nedre blada alltid gulnar og visnar tidleg i veksttida, og i etterslåtten vil dei same symptom ta seg oppatt med om lag same forlaup som ved første slåtten. Det er sams for bæ slåttar at kvaliteten av engavlinga kan gå sterkt ned endå om ikkje avlingsmengda minkar så mykje.

Ved veikare magnesiumskort vil kløveren få litt ljosare blad enn normalt, men med normalt grøne bladnervar. Er skorten noko sterkare, vil kløveren veksa mindre frodig og blada kan få mindre, veikt ljosraude flekkar mellom nervane. Desse flekkane vil tørka langsamt inn, og heile bladet vil ofta verta grøngult til gulkvitt med flekkar, medan nervane i det lengste vil halda seg grøne. Kløveren synes likevel å klara seg tolleg bra sjølv ved sterk magnesiumskort på grasartene, og grunnen er vel den at rotssystemet til kløveren er bra utvikla.

Hjå kålrot og andre plantar av same familie, syner dei første veike symptom på magnesiumskort seg med at blada vert litt bleikare grøne enn normalt, og får ei veik marmorering. Det vil seia uregelmessige ljose og mørkare grøne flekkar over heile bladplata, dei eldste blada vil visna, medan dei yngste blada etter kvart vert marmorerte. Er skorten sterkare, vil kålrota ofta få ein blåleg eller raudfiolett kant rundt heile bladet, og vert nokså sterkt marmorert over heile den indre del av bladplata. Til slutt vil blada gulna frå kanten og innover med ein veik rosa farge før dei visnar heilt. Ved veik og medels sterk skort ser det ikkje ut til at rotavlinga minkar serleg mykje, men ved sterk skort vil kålrota ofta verta småvaksen med ein rosett av unge, lett marmorerte blad og ein krans av sterkt sjuke, gule og heilt visna blad utanom. I slike tilfelle vil kålrotavlinga gå ikkje så lite ned.

Hjå fôrmargkål vil den første marmoreringa syna seg på om lag same måte som på kålrotblada. Men i motsetnad til kålrot, og serleg ved noko sterkare skort, vil dei ljosegrøne bladflekkane hjå fôrmargkål verta gule eller gulraude. Blada vil nokså snøgt få ein sterkt markert grøngul til grønlegraud marmorert farge på den indre del av bladplata, med ein grøngul til raudgul kant rundt heile bladet. Blada vil ofta bulka seg noko opp mellom nervane og verta litt meir

ruflut enn normalt, medan kantane vil bøya seg noko ned. Stundom vil dei oppbulka deler av bladplata få ein matt bronseliknande farge som seinare går over til raudbrunt eller sterkt raudfiolett, og blada vert sterkt gulrauvt marmorerte utan nemnande grønfarge. I slike tilfelle som er kjennemerke på sterkt skort, vil fargen på kantane gå i eitt med fargen inne på blada. På sisten vil blada verta gulraude, raudleg gulkvite, glatte seg ut, visna og falle av. Ein har funne mange døme på förmargkål på 1,— til 1,3 m høgd som har hatt ein dusk av lett marmorerte blad i toppen, medan den øvre del av stilken hadde gulgrøne, raudleg gulkvite og glatte blad, og den nedre delen av stilken for det meste var heilt bladlaus. Det ser såleis ut til at ein nokså sterkt magnesiumskort hjå förmargkål ikkje har mykje å seia for høgdeveksten, men avlingsmengda vil sjølv sagt gå litt ned avdi ein stor del av bladverket på stilken er borte. Er skorten serleg sterkt, vert förmargkålen derimot meir stuttvaksen med tunne stilkar og mykje sjuke blad, og avlinga går sterkt ned.

Poteter syner magnesiumskort på ein noko annan måte som varierar etter potetsorten, og etter kva tid i vekstbolken skorten syner seg. Syner skorten seg seint i veksttida, vil den sjeldan ha nokon serleg verknad på avlinga. Men kjem skorten fram tidleg på sommaren, kan avlinga verta meir eller mindre sterkt skadd, og det kan somme tid verta fullstendig misvekst. Skorten syner seg alltid med at dei eldste blada får uregelmessige, mørke og døde prikkar og flekkar i eit ljøsgønt, seinare gult bladkjøt. På i alle fall somme sortar vil bladkantane først vera grøne, seinare gule, men utan døde flekkar. Dei nederste blada vil visna, og ved sterkare eller sterkt skort vil dette symptom breia seg opp til dei øvre og øverste blada, og potetriset kan visna vekk så tidleg som i juli månad, og fylja er fullstendig misvekst. Stundom kan ein sjå poteter som er grøne i toppen, medan den nedre del av stilken kan vera fri for blad avdi dei har visna og falle av. Dette er også eit symptom på magnesiumskort hjå poteter, og i det heile må ein vel seia at magnesiumskort hjå poteter varierar sterkare med sorten enn for dei fleste andre planteslag. Men eitt er likevel sams for alle vokstrar, og det er at ved magnesiumskort er det alltid dei eldste blada som først vert sjuke og som først visnar og fell av.

Med magnesiumskort hjå potet fylgjer også den kavlitetsfeilen at potetene vert brunfarga frå rotstrenge og innover langs karstengane i knollane. Og til sterkare skorten er, til sterkare vil brunfarginga vera.

Som ein raritet kan ein nemna at magnesiumskorten også kan syna seg uvanleg sterkt på ugras som matsyre (*Rumex acetosa*) og høyumsyre (*R. domesticus*). Matsyra kan få purpurraude blad, og hjå høyumsyre vil dei øverste blada få mørke prikkar i eit lett gulnande bladkjøt med grøn kant. Nedanfor vil fullt utvikla blad ha større og mindre døde flekkar i eit sterkt purpurfarga midtparti som

først har ein grøn, seinare ein gul kant. Lenger nede på stilken vil blada anten vera gulraude eller heilt visne.

Det er som nemnt sandjorda som er sterkest utsett for magnesiumskort, men myrjorda ligg ikkje serleg etter. Elles er det ikkje nokon serleg stor skilnad mellom jordtypene i det regnrike vestnorske verlaget, likevel er det så at leirjorda sjeldan lid av sterkt skort på magnesium.

Nå har ein nok gjødselslag som inneholder magnesium, berre ein lærer å bruka dei. Ein har magnesiumsulfat med om lag 10 prosent Mg, men det er noko dyrt, og sulfatet er så lett løyseleg at ein må gjødsela årleg med det. Ein kjenner såleis døme på at det vart brukt så mykje som 50 til 60 kg magnesiumsulfat pr. dekar i frukthagar om våren, men likevel kom det sikre symptom på magnesiumskort på frukttre ut på sommaren.

Vidare har ein kalimagnesia som inneholder om lag 22 prosent K og om lag 6 prosent Mg, eller med andre ord K og Mg i eit tolleg bra forhold etter som plantane brukar desse næringsstoffa. Kalimagnesia kan brukast årleg og er ikkje uvanleg dyrt.

Ein har også smeltefosfat som inneholder om lag 8,5 prosent P og om lag 7,4 prosent Mg. Dette kan ein også gjødsla med kvart år.

Kiseritt er eit forholdsvis nytt handelsstoff for praksis hjå oss. Det inneholder om lag 17,5 prosent magnesium.

Og så har ein dolomittmjøl som inneholder om lag 18 prosent Ca og 13 prosent Mg. Det meste av magnesiummengda er bunde som karbonat som er litt tungt oppløyseleg, men det er spørsmål om det ikkje er litt lettare oppløyseleg i sure jordvæsker enn det er på eit laboratorium. Ein har i alle høve døme på at så vidt store mengder som 80 til 100 kg dolomittmjøl pr. dekar berre hadde verknad i høgst to år. Og på jord som er kalka før bør ein helst ikkje bruka nemnande større mengder, for ein kan risikere å tilføre jorda altfor mykje kalsium. Til ein veit meir om gjødsling med dolomittmjøl bør ein i regnrikt vestnorsk verlag, ikkje bruka meir enn høgst 200 kg dolomittmjøl pr. dekar og gjødsla med denne mengda kvart fjerde og femte år, og der ein er serleg utsatt for magnesiumskort, bør ein kanskje gjødsla med ei litt mindre mengd tredje kvart år.

6. Kopar.

Det er berre godt og vel 30 år sidan det vart fastslege at kopar er eit naudsynleg næringsstoff som i dag er svært godt kjend. Plantane brukar likevel berre små mengder, og forbruket av kopar hjå dei ymse planteslag, vil vera berre nokon få milligram pr. kg tørr plantemasse. Desse små mengder er likevel heilt turvande, og skortar det på tilgjengeleg kopar i jorda, vil plantane alltid syna veikare eller sterkare symptom på koparskort. Og gjeld dette for førplantar, kan husdyra også verta sjuke av di det er for lite kopar i føret.

Det var på humusrik jord i Danmark at ein først oppdagde

resultatet av koparskort hjå havre, og gav sjukdomen namnet gulspissykja endå før det var fastslege at det var koparskort som var årsaka. I Tyskland, Nederland og andre stader trudde ein lengje at dei sjukdomsymptom som ein no veit er symptom på koparskort, var ein nydyrkingsjukdom på myr og hedejord. Difor fekk sjukdomen namnet heide moor krankheit eller urbar mачhungs krankheit som altså er symptom på koparskort.

Symptom på koparskort kan syna seg på ymse jordtyper og under skiftande verlagstilhøve. Men skorten synes likevel å gjera seg ster-kast gjeldande på myr og lett gjennomtrengeleg sandjord i regnrikt verlag. I regnrikt verlag vil ei kopargjødsling heller ikkje vara så lengje som der nedbøren er liten eller rimeleg stor. Det har såleis synt seg at på bra djup og svært tett myr, vil ei kopargjødsling på få år anrika seg ned mot plogsålen, medan det vart lite tilgjengeleg kopar att i det øvre ploglaget. Dette synes å tyda på at når undergrunnen er open, kan koparet nokså snøgt vaskast djupare ned. Ein har også døme på at grunn myr på grusgrunn i eit tidsrom av 15 år, vart tilført i alt 15 kg koparsulfat pr. dekar, fordelt på 3 utstrøinger og utan den minste giftverknad på avlinga. Ei onnor myr på grusgrunn vart ved dyrking tilført 5 kg koparsulfat pr. dekar. Sju år seinare vart det på same myra lagt ut forsøk, mellom anna med 3 og 6 kg koparsulfat pr. dekar. Forsøket synte at 3 kg koparsulfat vart heilt turvande og gav ei medel meiravling på 118 kg høy pr. dekar jamført ledd a. 6 kg koparsulfat gav derimot ikkje nokon avlingssauke ut over det, men heller ikkje avlingsmink eller giftverknad dei første 10 åra.

Kopar synes også å vera lettare tilgjengeleg på sur jord, enn på jord med så høg pH som 5,5 til 6,5. Det ser såleis ut til at sterke kalking bitt, eller på annan måte gjer koparet mindre tilgjengeleg for plantane. I regnrikt verlag ser det ut til at jorda nokså snøgt vil stilla seg inn på ein pH som vil vera om lag 4,5—5,0, og dette kan forklára at for utan å vera lettare tilgjengeleg, vil koparet også vera lettare å vaska ut av jorda i regnrikt verlag utan fast vinterver.

Symptom på koparskort er tolleg lett kjennelege hjå dei fleste plantearter. Eit sams symptom hjå plantar av grasfamilien er såleis at bladspissane vert brungule, gule eller gulkvite, berre med mindre fargevariasjonar mellom plantesort og planteslag.

Hjå b y g g vil bladspissane verta ljust, grøngule eller gulkvite før dei krullar seg saman, vert kvite og visnar. Er skorten ikkje alt for sterke, vil symptomet berre syna seg hjå ein del plantar i åkeren, og elles vil bygget utvikla seg om lag normalt med strå og blad. Kornavlinga vil likevel gå noko ned. Er skorten sterke, vil gulkvite og visne bladspissar vera jamnt fordelt over åkeren, blada kan vera sterkt gulkvite og visna frå spissen og langt nedover. Aksa vil verta små med mykje tome, eller også mest visne aks. Snerpa vil vera krokut og «pjuska», og i slike tilfelle vil både strå- og kornavlinga gå sterkt ned.

Hjå havre vil bladspissane først verta gulgrøne og gule frå spissen og eit stykke ned langs kanten, men med ei grøn, litt avrunda «tunge» opp mot spissen midt på bladet. Bladspissen vil etter kvart verta brunkul, brun eller brunleg kvit og krulla seg saman til tunne «vimplar». Nedanfor dei nokså tvert avgrensa «vimplane», vil det vera ei smalare gul rand rundt den grøne «tunga» og ned langs den ytre bladkant. Sjølv ved nokså sterke skort, vil det ofta berre vera eit mindre tal plantar som syner dette symptomet heilt klårt, og havren vil utvikla seg om lag normalt både med strå og bladverk. Skorten synes såleis å vera «skjult», men dei øverste småaksa i havretoppen vil vera utan kjerne. Er skorten sterke, kan heile havreåkeren sjå noko bleik og slapp ut og om lag kvar bladspiss vil vera ein visna, tynn «vimpel». Kornavlinga vil gå sterkt ned av di det er mykje tome aks og smått korn. Eit anna kjenneteikn på koparskort er at havren buskar seg unormalt sterkt.

Timotei syner om lag dei same symptom på koparskort som havre, men bladspissane vil sjeldan vera ljost gulfarga, snarare rustgule, før dei vert brune, visne og samankrulla. Blada vil ha ei meir avrunda grøn «tunge» og kantane vil ikkje vera gule så langt ned etter kanten som hjå havre. Men endå om skorten kan vera nokså sterke, syner ikkje all timotei i enga desse symptom, og plantane kan utvikla seg om lag normalt. Timotei kan likevel få ein mattare grøn farge enn normalt, og avlinga kan gå noko ned. Når timotei skyt aks, vil desse ofta vera små og med tunne, kvite akstoppar som tyder på därleg frøsetjing. Koparskorten vil alltid gå sterkest ut over frøsetjinga, men unnateke bygg og havre er det lite frøavl i Vest-Noreg. Verre er det at koparskorten i høg grad gjer sitt til at god kultureng så snøgt går over til villeng.

Symptom på koparskort hjå klover har ein mindre godt kjennskap til, men det er ei kjend sak at underskot på kopar gjer at kloveren går så snøgt ut av enga.

Kålrot kan ved veik koparskort få gule og gulkvite bladkantar og gule flekkar yttarst mellom nervane. Er skorten sterke, kan dei gule flekkane breia seg inn over blada som etter kvart vil ta til å visna og tørka inn frå kantane. Symptomet syner seg sterkest på eldre blad, men nye blad vil etter kvart få same symptom og vert også meir slappe. Kålrota veks ikkje fullt normalt, og avlinga kan gå noko ned.

Potet syner koparskort med at bladverket synes å vera noko veikt. Dei øverste bladskota vil hengja lutt ut, og serleg den ytre og øvre delen av bladverket, kan få ein eigen grøn, gulleggrøn farge. Bladspissar og den øvre bladranda vil gulna og visna medan midtpartiet vil gå som ei sterkt avrunda «tunge» ut mot spissen. Potetknollane kan vera små og vanskapte, og stundom vera blaute rundt navlestrenge. Er det underskot på kopar, ser det ut til at poteta er meir mottakeleg for tørråte.

I Vest-Noreg har ein vanleg rekna med at det er myrjorda som

lid mest av koparskort, og det er nok også tilfelle. Men ein har også svært gode døme på sterkt koparskort på sandjord, og i mange tilfelle også på aurjord. Styrken av skorten kan likevel variera sterkt både med jorda og med nedbøren. Men på myr vil det i dei aller fleste tilfelle vera lite lønsamt med dyrking utan at ein samstundes tilførar jorda litt kopar.


Ein kan tilføra kopar med «skjærstein» som forutan kopar også inneheld andre naudsynlege næringsstoff. «Skjærstein» er eit finmale jarn- og koparprodukt frå Grong gruver. Men det mest vanlege gjødselmedel er koparsulfat som inneheld om lag 25 prosent kopar. Koparsulfat eller blåstein kan ein bruka i mengder på 2 à 3 til 5 kg pr. dekar, med 6—8 års mellomrom. Dei største mengder bør ein bruka på nydyrka myr, men på eldre myrjord som ein meiner lid mindre sterkt av koparskort, kan ein bruka 3 kg blåstein pr. dekar. På sandjord og aurjord bør ein helst bruka 3 kg blåstein pr. dekar, men ikkje i noko høve bør ein lata det gå for mange år før ein gjødslar med blåstein på ny. For koparskorten kan vera «løynd», det vil seia at den kan syna seg berre på ein og annan planten både i åker og eng.

(Framhald)

Til Myrselskapets medlemmer!

Vi minner om årskontingenten for 1957. Det er nemlig atskillige av våre årsbetalende medlemmer som ikke har ordnet kontingentspørsmålet ennå. Den enkleste måten å ordne denne saken på er å gjøre bruk av de innbetalingskortene som vi sendte samtlige medlemmer for et par måneder siden. Skulle disse kort være forlagt, kan kontingenten sendes vår postgirokonto nr. 13.338. Kontingenten er — som meddelt i forrige hefte av tidsskriftet — kr. 10,— pr. år.

Kontingenten for livsvarige medlemmer er kr. 100,— en gang for alle.





MEDDELELSE

FRA

DET NORSKE MYRSKAP

Nr. 5.

Oktober 1957.

55.årgang.

Redigert av Aasulv Løddesøl.



H. M. Kong Haakon VII

- Det norske myrselskaps høye beskytter -

døde den 21. september i år.

Vi hedrer vår avdøde konges minne og takker
for velvillig interesse for den sak som vårt selskap
arbeider for.

DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSSTASJON PÅ MÆRESMYRA.

50-ÅRS MELDING 1907—1957*).

Av forsøksleiar Hans Hagerup.

1. Blad frå myrdyrkinga si historie.

For 5 år sidan høgtida Det norske myrselskap 50-års minnet for skipinga av selskapet. I det høvet vart utgjevi ei 50-års melding ved formannen i selskapet, konsulent Knut Vethe (1). Da myrkulturen var ei av dei oppgåver som Det norske myrselskap tok opp, låg det naturleg til at denne delen av verksamda vart viggd utførleg omtale. Likevel kan det vera grunn til å minnas reisinga og utviklinga av den faste forsøksstasjonen i myrdyrking med ei spesiell omtale, når den i dette året rundar sine 50 år.

Etter statistikken som vi etter kvart har fått over myrarealene våre, reknar direktør Aasulv Løddesøl ned — i samsvar med Landsskogtakseringen — at det er i alt ca. 21 millionar dekar myr under skoggrensa, eller ca. 6,5 prosent av totalarealet. Myrarealet over skoggrensa føreligg det ingen oppgåver over som bygger på oppmålinger, men dette er etter skjøn oppgjeve til ca. 9 millionar dekar, tilsaman ca. 30 millionar dekar myr (2).

Synet på kva verdiar det ligg i desse myrareal har vori skiftande igjennom tidene, og alt etter som myrforsking og utvikling har gått framover, har verdien av myrane vori stigande. I lange tider har torv vori nytt som brensel, og da serleg der det vantar skog, men at myrane kunne få verdi som viktig grunnlag for plantedyrking, gjekk det lenge før folk kunne skjøna. Det var først sume kulturatjerder som måtte slå igjennom før myra kunne nyttast i planteproduksjonen si teneste, såleis grøfteteknikk, allsidig planteproduksjon og ikkje minst gjødsel som høvde for denne jorda.

Omkring 1750 tok dei til å nytta atlagde grøfter ved jorddyrkninga. Føre den tid var det og dyrka myr, men da nytta dei opne grøfter. Atlagde grøfter fekk etter kvart innpass også i myrdyrkinga. Det var dyrking av neper som vart lagt til myra. Stangeland (3) meiner at det er den eldste myrdyrking på Vestlandet. Den gjekk for seg på det vis at det på ei mindre myr i utmarka vart teki små grøfter slik at det vart ein teig av ymis form på nokre kvadratmeter. Jorda frå grøfta vart spreidd utover på teigen, og finhakka utan at jorda under vart broti. Det vart brukta rikeleg med

*) Denne 50-års meldinga er gjevi ut som særtrykk i samband med jubileet i haust. Fyrste delen av meldinga vert trykt i dette nummeret medan siste delen kjem i nr. 6 av tidsskriftet.

naturgjødsel og nepefrøet vart breisådd. Slike teigar vart kalla «nepegraver». Etter det var dyrka neper eit par år utan anna arbeid enn hakking av stykket, melde ugraset og rotmakken seg og tok overhand. Ei ny «nepegrav» vart lagt ved sida av, og den førre fekk liggja som sjølvsådd eng. På Stangeland si tid, omkring år 1900, kunne det enno finnast spor etter slik dyrking. Når denne nepedyrkinga tok til, er ukjent, men sagn om den går langt tilbake i tida. Den er omtala i landslova til Magnus Lagabøte av 1274, og Stangeland seier den er nemnt i Gulatingslova av år 940. Igjenom tida vart det dyrka fleire dekar på denne måten, men grøftene som var grunne, grodde snart att, og myra gjekk tilbake til sitt opphavelege naturtilstand. Det er nemnt om slik nepedyrking også omkring Trondheimsfjorden.


På desse nepegravene vart det og prøvd dyrking av korn, ved å kaste opp ny jord frå grøftene, spreie jorda utover teigane og like eins utan å smuldre myra under. Resultatet var bra nokre år, men myra var snart skrinn på grunn av dårlig grøfting og ugraset som kom. Etterpå låg dei til eng, men noko engdyrking som fortener det namnet, var det ikkje. Slike teigar vart ikkje rekna med i åkerarealet.

Sjølv om det vart dyrka noko myr på den måten, så kunne det ikkje verta store jordvidder, og som nemnt fall dei ofte tilbake i naturtilstanden. Frå omkring år 1750 og utover er det ein høyrer om myrdyrking i litt større omfang. Vi høyrer såleis om den kjente bonde Nils Josteinson (dansk: Nils Justesen) på Hitra. Han er kjent for si jorddyrkning og ikkje minst for dyrking av myr. Omkring 1770 vart han heidra for dette arbeid i eit dansk tidsskrift, og av Det Kongelige Danske Landhusholdningselskab fekk han ein sylvpokal og gullmedalje (4). Sylvpokalen skal vera utstilt på Folkemuseet. Seinare fekk han og sylvpokal og ein pengepremie. Han har elles fått seg eit varig minne og vakkert ettermæle i Henrik Wergelands dikt, der det m. a. heiter:

«Nils Justesen var sig en bonde grov
hans adelssverd var en plog.

I svartmyr vindes den gamle glans
På Heden en Landekrans
Og Norriges skattelande
De ligger her innenlands.

Men myrdyrking kunne enno ikkje få noko stort omfang, kunnskapen til myrane sine eigenskapar var mangelfulle og viktige driftsmiddel vanta. Husdyrgjødsel var einaste gjødsla, og den vart brukt på den opplendte jorda og til åkervokstrane. Enga fekk røkte seg sjølv med omsyn på gjødsel, og eit slikt stell gjekk ut over myrjorda. Med husdyrgjødsel kunne det ikkje dyrkast korn på myrjorda, det



Luftfoto over Det norske myrseisksaps forsøksstasjon på Mæresmyra i Sparbu.

vart berre legde og lettkorn. Om kunnskapen til grøfting vart meir og meir kjent, så vart utføringa når det galldt myrjord for dårleg. Dei fyrste grøftene var lite verksame og uvarige, da dei var lagde med for stor avstand og var for grunne. Det var brukt stein som attleggsmateriale, og denne kom for høgt i grøfta — og så vart det nyitta for stor stein. Når grøftene ved myra si synking vart grunnare, kom steinen opp i dagen og vart til meins under pløyninga, og når myra smuldra og det smuldra materialet fall ned i grøftene, hindra det vassleiringa, og til slutt vart grøftene heilt tetta til.

Gjødslingsspørsmålet kunne dei for ei tid løysa ved brenning av myra. Ein måte som vart nyitta her i landet var flåhakking og brenning av dei lause tuvene og det laushakka moselaget. Dette vart fyrst turka og så lagt i dungar og brent. Oska etter denne brenninga vart så spreidd utover. Denne måten har haldi seg også ut i dette hundreåret. Men dette var berre eingongsbrenning, ny brenning vart sjeldan gjort. Verknaden av slik brenning kunne halde seg 1 à 2 år, så gjekk det attende med avlinga. Ofte vart myra spad vendt ved dyrkinga, men måten var tung og store areal vann ein ikkje over på den måten. I andre land var myrbrenning meir ålmen, og det på den måten at myra vart horva til det vart eit lauslag som låg til turk og etterpå brent. På den visen fekk myra høveleg gjødsel ved å tære på seg sjølv, men det var ei rovdrift av myrlaget. Måten var heller ikkje ufårleg, da den førde til store myrbrannar, og myrbrenning vart til slutt forbodi. P. Chr. Asbjørnsen heldt i boka si «Om Myrdyrkning» (5, 1856) på brenning av myr som dyrkingsmåte når det galldt simplare myr — mosemyr. Det var ingen annan måte for slik myr. Brenning var derimot ikkje brukande for grasmyr. Han siterer ein svensk forfattar: «Brænding har den nytte at man på den minst kostbare måte blir kvitt Trær, Busker, Rødder og Tuer, at Varmen og Asken borttager syren og at Asken tjener til at gjødsle Marken.» Han seier vidare at brenning berre skal utførast ein gong, og da ved dyrkinga. Det kan vera tilfelle da ny brenning må gjerast, føresetnaden må vera at det gjeld djup mosemyr.

Etter det Hasund fortel (6), var mykje av dei gamle myrdyrkingane dårleg haldi ved like. Grøftene seig att og vart ikkje utbetra, teigane grodde att med mose. Best resultat var det av dyrkingane på Opplanda der myra vart påført mineraljord ved dyrkinga. Nokon sikker dyrkingsmåte var ikkje funnen, og tilliten til myra som åkerjord var difor ikkje stor enno.

I fyrstninga av det nittande hundreåret var det ymse filantropisk selskap som mellom anna tok fatt på prøvedyrking av myr. Såleis skifta Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim, Det Kongelige Selskab for Norges Vel og Landhusholdnings selskabet i Trondheim med å få til prøvedyrking på Ustmyra, som

ligg like ved Heimdalsmyra sør for Trondheim. På grunn av manglande midlar kunne ikkje prøvedyrking koma i gang før i 1844, og da var det Selskapet for Norges Vel som hadde myra. Tanken var å finne «en god og pålitelig metode til retleddning for gårdbrukerne». Ingen av dei prøvde metodane fekk dei til å løne seg, men best var resultatet etter flåhakking og brenning, og med grusing og påføring av leirmergel. Ustmyra var elles dårleg som dyrkingsmyr. Selskapet selde myra i 1856.

På denne tid hadde interessen for jorddyrkning, og ikkje minst for myrdyrking, vakna. Dette kom vel mykje av at det var ei jobbetid. Krimkrigen rasa, og det førde til «oppgangstider» som gjorde at det vart meir pengar mellom folk, og ein del sette pengar i dyrkingsføretak. Såleis var det og interesse for myrdyrking som privatfolk sette pengar i. Eit større myrdyrkingsarbeid vart sett i gang av konsul Jervell på Furlandsmyra i Romsdal. Ein del gardbrukarar tok og del i dette arbeid. Ein ny metode skulle prøvast, den såkalla «Ekensteenske bænkningsmetoden». Myra vart lagt opp med avrunda ryggar — bænker — som skulle letta avrenninga av vatnet. Det vart lagt store planar for dyrkinga av myra på denne måten, men pengevanskars meldte seg og metoden døydde burt etter kvart. Men vi finn og dyrkingsføretak som lukkast, såleis uttappinga av Skasvatnet i Klepp herad, Jæren (1863). Der vart det vunne inn ca. 6000 dekar god dyrkingsmyr som for det meste er oppdyrka. I Stavanger amt heldt dei seg til gode dyrkingsmyrar, og ein høyrer mindre om mislykte dyrkingar. Dei mislykte dyrkingane hadde vel sin store grunn i at det var dårlig myr som vart teki i bruk, dei gjorde ingen skilnad på myr når det galdt dyrkingsverdet. Grøftinga var heller ikkje fullnøgjande, og det verste var at det var ikkje gjødsel nok, og det var ikkje før kunstgjødsla vart kjent at myrdyrkinga kunne få nokon større fart.

Staten byrja og i den tida å interessere seg for dyrking av myr, og i 1857 vart det løyvd pengar til dette føremålet. Da det i denne tida var slutt på det optimistiske synet på myra som kulturjord, vart desse pengane lite nytta. Det vart av desse midlane skipa eit myrdyrkingsfond, som seinare gjekk over til jorddyrkingsfond, og det fekk mykje å seia for dyrking av jord i det heile (1892). Ein kan og nemna at statsråd Astrup dyrka myr i Svanviken på Nordmøre i 1886. Her vart det bygd ein fast koloni for omstreifarar knytta til jordbruksyrket, og Astrup gav i 1899 denne eigedomen til arbeidskoloni. Myra var vanskeleg å dyrka, kystmyrane har oftast brenntorvkarakter, og det er ikkje gode dyrkingsmyrar.

I siste halvdelen av det førre hundreåret vart det i fleire europeiske land sett i gang ei målmedvete gransking av myrane for å leggja tilhøva til rette for ei heldig løysing av dyrkingsarbeidet. Dette gjekk mellom anna ut på å finne ein praktisk metode for dyrking av myr. Tyskland var det fyrste landet som tok spørsmålet



Nordre del av Mæremyra i Sparbu.

frå grunnen av og studerte myrane frå geologisk, botanisk og kjemisk synsstad, og gjekk til oppretting av forsøksgardar som tok seg av dyrkings- og plantekulturspørsmåla. Det var tvingande grunnar som førde til dette. Den myrkulturmetoden som rådde, var brannkulturen, og med den vart det rovdrift av myrane sitt vekstgrunnlag. Metoden var heller ikkje ufårleg. Det vart skipa lag til motarbeiding av denne dyrkingsmåten med det mål å få noko anna i staden. I 1876 vart Centralmoorkommisjonen oppretta, og denne gav tilskuvet til at den tyske stat oppretta verdens første forsøksgard i myrdyrking på Königsmoor ved Bremen i 1877. I 1883 vart Det tyske myrselskap skipa, og det gav ut eit tidsskrift for spreierung av kunnskap om myr og tory. Under den internasjonale kongressen for land- og skogbruk i Wien i 1890 vart det sagt om myrkultur: «Myrkultur kan berre ha varig framgang der ein forsøksgard skaper grunnlaget for drifta etter myra sine sermerke.» Dette gjeld den dag i dag. Det vil føra for langt å gå inn på det tyske tiltaket her, men det gav impulsen og var førebiletet for andre land når det galdt myrforskinga.

Omkring hundreårsskiftet vart det oppretta myrforsøksstasjon for Bayern med hovudsete i München, og i året 1900 vart Det tysk-østerrikske myrselskapet skipa, og ein forsøksgard lagt i Sebastianberg i Böhmen.

I Danmark har det ikkje vori noko eige selskap for myrkultur, men Det danske Hedeselskab, som vart grunnlagt i 1864, har hatt myrforsøk fleire stader. Såleis har selskapet mellom anna hatt myrforsøksgarden Pontoppidan ved Herning. Sidan 1910 har staten teki over myrforsøka, og det er på Store Vildmose (Fossevangen) og ved Herning oppretta stasjonar for myrforsøk som underavdelingar av Statens forsøksstasjonar Tylstrup og Studsgaard.

I Sverige vart Svenska Mosskulturföreningen skipa i 1886, og denne gjekk til oppretting av ein forsøksgard på mosemyr,

Flahult, og like ved vårt seinare tilknytt garden Torestorp, der det er grasmyr. Mosskulturföreningen oppretta seinare ein myrforsøksgard for Jämtland, Gisselås, som og ligg på grasmyr. Før Norrland vart Kemisk-Växtbiologiska anstalten skipa i 1895 med sete i Luleå. Denne anstalten har hatt forsøksgard i myrkultur på eigedomen Bränningberg, som ligg eit stykke sør for Luleå.

For oss her i landet har dei svenske forsøksgardane i myrkultur hatt mykje å seia. Under leiing av dugande folk er det utført eit banebrytande arbeid som er kjent langt utanom landegrensene. Den fyrste leiar for Flahult forsøksgard, Carl von Feilitzen, uttala ved selskapet sitt møte i Örebro 1899 fylgjande: «Eg trur at högmosekulturen er ein siger for intelligens og vitskapleg forsking, og det vil sikkert ikkje vere mange år før vi ikkje treng å reise til Tyskland for å sjå vakre og frødige kulturar på den før så aude og nakne myr» (7).

I Finnland vart Finska Mosskulturföreningen skipa i 1895. Det var ei tid at foreningen hadde 3 forsøksgardar, no er det to, nemleg Leteensuo försøksstation for sør-vestre Finnland, og Karelska försøksstationen i Tohmajärvi for austre Finnland. I dei seinare år er det reist ein forsøksgard for nordre Finnland ved Rovaniemi. Også frå Finnland er det gjeve verdfulle tilskott til myrforskinga og vori til kveik for arbeidet i landet vårt. Finnland er uvanleg rik på myr og det er difor naturleg at denne jorda er viggd inngåande forskingsarbeid.

I 1907 slutta dei myrinteresserte i dei Baltiske statane seg saman til Baltischen Moorvereins, med ein spesialist i myr ved universitetet i Dorpat. Leiar her har vori den kjente professor dr. Leo Rinne.

I Amerika vart det i 1907 skipa American Peat Society med sete i New York. I dei seinaste åra har og den Irske republikk komi med i utforskinga av myrane med omsyn på dyrking.

Av det som er nemnt framfor, ser vi at interessen og kravet om å få myrane grundig undersøkt og å få prøvedyrkingar i gang, har vaksi fram i mange europeiske land. Kunnskapen om myrane skal vera med i utforminga av kulturmetodane og til dyrking av dei ymse vokstrar. Det er oftast private selskap som fyrst har sett dette arbeidet ut i livet, og da med stønad frå det offentlege. Vi ser at i den fyrste tida legg dei vinn på å utforme bestemte metodar for dyrking av ymse slag myr. Her skal berre nemnast namnet på ymse metodar utan å gå nærmare inn på dei. Eg skal vise til S. Hasund: «Myrdyrking» (6) som omtalar dei nærmare.

Den Hollandske Veenkultur (veen — myr), vi kan gjerne kalle den avtorvingsmetoden, har hatt mest å seia for hollandske tilhøve.

Den tyske mosekulturmетодe er utforma ved myrfor-



Forsøksleiar O. Glærum.



Forsøksleiar J. Lende-Njaa.

søksstasjonen i Bremen. Den svenske Flahultmetoden er ei tillemping av den tyske metoden.

Det danske Hedeselskabs mosekulturmетодe er fastlagt etter ein del grunnsetningar som dyrkinga burde utførast etter, og som ikkje er bygd på forutgåande forsøk.

St. Paul metoden er utforma i Aust-Tyskland i 1850-åra og fekk ein del utbreiing i Tyskland. Rimpaus sanddækning metode er utforma på godset Cunrau i 1860-åra, og ei tid meinte dei at i denne metoden hadde ein funne fram til ei løysing av myrkulturspørsmålet. Ekensteenske bænkning metode som er utforma av svensken Ekensteen, vart ein del prøvd her, men han vart snart forlatt.


Dei ymse metodar er utforma for spesielle myrtypar og under sereigne tilhøve og fekk ikkje serleg mykje å seia for myrdyrkinga i det heile. Enkelte er sikkert utforma for tidleg utan å vera prøvd gjennom lengre tid. Andre har framleis sitt verd, men har gått igjennom endringar, og den opphavelige utforminga er forenkla. Alle har dei hatt sin misjon om dei ikkje har slegi igjennom i si fyrste utforming. Dei har vori å teke lærdom av. Impulsane frå dei europeiske landa førde til at det også her i landet vart teki opp arbeid med å få fast forsøksgard i myrdyrking.

2. Arbeidet med å få ein fast forsøksstasjon.

Eg har tidlegare nemnt at myrdyrkinga før 1900 viser både sigrar og nederlag. Det var ei vaknande forståing av, at skulle



Landbrukskolestyrar J. Okkenhaug.



Landbruksjef h. v. Alb. Eggen.

myrane i landet få verd som dyrkingsjord, måtte det gransking til. Frå den geologiske og botaniske sida var det alt utført ikkje så lite arbeid, men med praktisk-vitskaplege dyrkingsforsøk var det enno ikkje gjort noko. Den fyrste vegleiaren i bruk av myrane, var even-tyrsamlaren P. Chr. Asbjørnsen. Han gav i 1856 ut ei bok: «Om Myrdyrkning». Denne er mykje bygd på eit svensk prisskrift av C. G. In de betou: «Om odling av kärr och mossar», og på meldingar frå statsagronom J. Lindqvist, og elles på praktiske røynsler her i landet. Forsøksdyrkningar i den forstand vi i dag meiner med det, hadde dei ikkje. I 1896 fekk agronom G. E. Stangeland stipend for å studere myrdyrking i utlandet, og same år vart han tilsett som myrkonsulent. Heller ikkje på den tid var eigenlege samanliknande forsøk utført til stønad for vegleatingsarbeidet. Han utførte elles eit grunleggjande arbeid med utforsking av myrane geologisk og botanisk, og med sine gode kunskapar kunne han gjera skilnad på god og därleg dyrkingsmyr. I Stavanger amt aer han hadde sitt verkeområde som amtsagronom, høyrer ein mindre om feislagnane dyrkingar. Sjølv hadde han gard i Klepp på Jæren. Hans utgreningar: «Om torvmyrer i Norge og deres tilgodegjørelse», er av stort verd. Stangeland var klår over at skulle ein kunne gi god vegleining i dyrking av myr, måtte vi, slik som i andre land, få dyrkingsforsøk å byggja på. Omkring hundrearsskiftet vart det skipa ein del lokale myrdyrkingslag, såleis Bergens Myrdyrkingsforening i 1896, Kristiansand og Opplands jorddyrkingselskap og Trøndelag Myrselskap i 1904. Av desse

var det berre Trøndelag Myrselskap som hadde myrforsøk på programmet sitt. Landbrukskjemiker dr. E. Solberg, som var selskapet sin formann gjennom mange år, fekk i samarbeid med Det norske myrselskap utført ein del gjødslingsforsøk på myr.

Det norske myrselskap vart skipa i 1902. I føremålsparagrafen for selskapet si lov stod det mellom anna: «Selskabet vil desuden arbeide for: at faa vore myrstrækninger undersøgt,

at faa prøvestationer anlagt,

at lette adgangen til kunstige gjødnings- og forædlingsstoffe,

at fremme de bedst mulige transportforhold samt opmuntre til nyttiggjørelse av vore myrer ved præmier, naar det har midler dertil.»

«Selskabet vil söge samarbeide med staten, det kgl. selskab for Norges vel, det norske skogselskap og med stedlige myforeninger.»

Etter punkt 2, om prøvestasjonar, var det meint spreidde forsøk utover landet, og i dei fyrste åra var amtsagronom, ingeniør Knut Monrad leiar av desse forsøk som for det meste var gjødslingsforsøk. Etter stutt tid slutta han, da det tok for mykje tid av arbeidet hans som amtsagronom.


Fast forsøksstasjon var ikkje nemnt i føremålet for selskapet, men arbeidet for å få ein slik stasjon for myrdyrking her i landet, melde seg sterkare etter kvart. Det viste seg at sjølv om dei fekk meir røynsle i val av myr høveleg til å dyrke, så var det mange detaljspørsmål som melde seg og som vanskeleg kunne løysast utan i tilknytting til ein fast forsøksgard med spesialutdanna folk.

Etter eit foredrag som forstandaren for Svenska Mosskulturföreningens forsøksgard på Flahult, Hjalmar Feilitzen, heldt i Det norske myrselskap i 1905, fekk spørsmålet om fast forsøksgard sterkare aktualitet. Året etter vart det søkt om å få oppretta ein fast stilling som leiar av selskapet si forsøksverksemd i myrdyrking. Eit stipend vart stilt til rådvelde for studering av myrkultur og forsøk i utlandet. Stipendet vart først tildelt landbrukskandidat, seinare landbruksdirektør O. T. Bjanes. Det vart ikkje så han nyttja stipendet, og det gjekk difor over til nr. 2 som var innstilt til stipendet, landbrukskandidat, seinare forsøksleiar O. Glærum.

På Det norske myrselskap sitt årsmøte i 1907 heldt Bjanes sterkt fram at dei måtte arbeide med det mål å få ein fast forsøksgard i myrdyrking, «de spredte felter gav ikke stabilitet nok».

Som etterfylgjar til Monrad vart Glærum tilsett som myrkonsulent i Det norske myrselskap, og Stortinget gjekk med på det etter ein lang og til dels hard debatt der ulike syn gjorde seg gjeldande på spørsmålet.

På årsmøtet i februar 1907 heldt Glærum sin «programtale». Oppgåva hans var etter si stilling først og fremst å vera vegleiar i



Tidlegare arbeidalar ved forsøksstasjonen på Mæresmyra. 1. rekkja: Anton Rostad, assistent Hans Hagerup, forsøksleiar Jon Lende-Njaa, Anton Buan, Martin Svepstad. 2. rekkja: Jon Lænn, Konrad Røtte, Magnus Sivertsen.

myrdyrking med å reise omkring i landet. Glærum heldt sterkt fram verdien av å få ein fast forsøksgard, og så ynskjeleg det var å få ein slik gard, var det på denne tid vanskelig å få tanken realisert. Men som myrkonsulent tok Glærum til å arbeide for å få reist ein slik gard, og han vart møtt med forståing frå fleire kantar av landet. Da Myrselskapet reiste saka, kom det tilbod frå fleire, såleis frå grosserer Holt i Skien, og han baud til ein plass for ein slik stasjon på sin eigedom og det på gode vilkår. Amtsagronom, seinare landbruksjef Albert Eggem i Nord-Trøndelag, gjorde merksam på at Mæresmyra i Sparbu herad hadde ein høveleg myrtype, og var ein sentral plass for føremålet. Også frå Romerike var det tilbod om plass til forsøksgarden. Ein medverkande årsak til at Mæresmyra kom til å verta vald, var eit tilbod frå Nord-Trøndelag landbrukselskap (før Nordre Trondhjems landhusholdningsselskap), og formannen der var landbrukskolestyrar Johs. Okkenhaug. Tilboden gjekk ut på kr. 400,— i årleg tilskott til drift av forsøksstasjonen ifall denne vart lagt til Mæresmyra. Landbrukselskapet rette ei oppmoding til styret for Mære landbrukskole, som og er eigar av ein del av Mæresmyra, om å stille myr til rådvelde for føremålet og husrom til avling m. v. til selskapet sjølv kunne reise hus til dette. Johs. Okkenhaug var styrar av skolen, og den saka kunne difor løysast lett. I ein kontrakt av 16/9-1907 overlet Mære landbrukskole

50 dekar udyrka myr til rådvelde inntil vidare og 10 dekar dyrka myr på rimelege vilkår i minst 15 år, inntil stasjonen får dyrka så mykje jord at forsøka kan flyttast over på eigi jord. Rom for avlinga vart og stilla til rådvelde. Glærum og Egggen hadde fått myra nærmare undersøkt og funne den sers vel skikka til føremålet. Samtidig heldt og Glærum foredrag i Amtstinget om saka. Glærum la sitt syn fram for styret i Det norske myrselskap, og Alb. Egggen sendte ei sterke oppmoding til selskapet om å opprette ein fast forsøksstasjon i myrdyrking på Mæresmyra. Det norske myrselskap tok imot tilbodet frå Landbruksseksjonen og Mære landbrukskole, og det er såleis Johs. Okkenhaug og Alb. Egggen — saman med Glærum — som mest kunne til at den faste forsøksstasjonen i myrdyrking kom til å verta lagt på Mæresmyra.

Glærum reiste til Sparbu i september 1907 og tok til med arbeidet. Stort å hjelpe seg med hadde han ikkje den første tida, men han hadde pågangsmot som få, og det var sikkert til god hjelp. Eit mål var nådd, no galdt det å setja nye mål å arbeide fram imot.

3. Jord, oppdyrkning og kostnad.

Til starten av forsøksstasjonen vart det såleis eit leigehøve mellom Det norske myrselskap og Mære landbrukskole. I 1913 vart leigekontrakten forlenga til 1930 og samtidig vart det leigd 9 dekar udyrka myr i tillegg til dei før nemnde 50 dekar. Då leidgetida var ute, fekk landbrukskolen tilbake 27 dekar, men kontrakten vart oppattna for resten av jorda til 1940, da det var ein del langvarige forsøk gåande der. Det vart ikkje betalt noko avgift for den leigde jorda, men på den andre sida var det dyrka jord landbrukskolen fekk tilbake. Den leide jorda låg midt ute på myra, men det gjekk ein gammal veg framom feltet, så vegsambandet med landbrukskolen og elles til rotelagd veg var etter måten bra. Det var før teki ein del kanalar på myra, såleis i samband med bygging av Nordlandsbanen. Ein kanal gjekk like framom myrfeltet, så det var greitt å få avlaup for vatnet frå drengsrøftene.

Her var det så at Anton Buan, som var den første arbeidaren ved forsøksstasjonen, tok det første spadestikket i 1907. Glærum hadde teki prøver av myra, og den kjemiske analysen viste dette resultatet i vassfri jord: 8,87 prosent oske, 3,06 prosent N, 0,08 prosent P, 1,59 prosent K. Pr. dekar til 20 cm djupn i opphavleg jord var det 1035 kg N, 25 kg P, 117 kg K og 535 kg kalk (CaO). Serleg må ein her merke seg kalkinnhaldet, forklaringa til det ligg nær. Det er gammal havbotn myra ligg over, med mykje skjel i leirlaget. Myra ligg berre ca. 20 m over havet. Dessutan er det kalkrik fastmarksjord i morenene omkring myra, og derifrå er det komi kalkrikt vatn som har ført til at kalkelskande plantar i stor mon har bygd myra. Berre på enkelte plassar er myra komi så langt i si utvikling at kvitmosen

har gitt myra sitt stempel. Kvitmosemyra ligg under garden Gilberg, og 30 dekar av denne vart av eigaren stilt til gratis rådvelde, men på det vilkår at det ikkje skulle vera til hinder for sal til staten. I 1907 kjøpte staten 1880 dekar av myra til arbeidsfelt for tvangsarbeidrarar. Det vart oppretta kontrakt om kanalisinga, og eit stort arbeid med kanalgraving vart utført av tvangsarbeidrarar.


Etter at dei 59 dekar var dyrka, fekk Det norske myrselskap ved den nye forsøksleiaren, Lende-Njaa, i 1912 leigd 185 dekar udyrka myr av Justisdepartementet (Fengselsvesenet) som da var eigar av ein stor del av Mæresmyra, og i 1917 vart det leigd 143 nye dekar udyrka myr av same institusjon (arealet var 18 dekar mosemyr, resten storrrmyr). For denne jorda vart betalt kr. 100,— pr. år i leigeavgift.

I 1917 vart det bygsla av Sparbu prestegard ca. 9 dekar fastmark, delvis med skog og fjell, som m. a. skulle gi tomt til styrarbustad for forsøksstasjonen. I 1921 vart det bygsla nye 4 dekar skoggrunn av prestegarden, nærmast for å få greie grenser mellom eigedomane. Samtidig vart det og bygsla 2 dekar på myra av same institusjon. Heile dette arealet vart i 1923 kjøpt for kr. 2.450.

I 1941 fekk Myrselskapet leigd ca. 24 dekar udyrka mosemyr av Justisdepartementet for å utvide forsøksverksemda på denne myrtypen, og i 1953, da Justisdepartementet selde myra til Sparbu herad, fekk Myrselskapet kjøpe 10 dekar kratmyr. Året 1953 var elles eit merkeår for forsøksstasjonen. Jorda som tidlegare var leigd, fekk Myrselskapet kjøpe for kr. 7.500. Det norske myrselskap sin søknad om kjøp, fekk tilråding frå Landbruksdepartementet, som elles uttala at feltet måtte overlates til Myrselskapet på rimelege vilkår. Myrselskapet hadde dyrka jorda, og Justisdepartementet uttala i proposisjonen: «Da selskapet ved eget arbeid har bragt sine felter opp i den verdi som er fastsatt ved taksten, har departementet funnet det rimelig at man overlater feltaene til Myrselskapet for den pris som ville være blitt tatt på feltaene i udyrket stand. For øvrig foreslåes overdragelsen fastsatt som ved anketaksten.»

Utfallet av kjøpet var at Myrselskapet fekk kjøpt det som tidlegare var bygsla, nemleg 317 dekar storrrmyr og 43 dekar mosemyr. Samtidig vart kjøpt 10 dekar kratmyr, og totalarealet av myr ved forsøksstasjonen er såleis 370 dekar. Til dette kjem 13 dekar opplendt jord, skog og bergrabb der styrarbustaden ligg.

Det var ingen ting oppdyrka av den delen forsøksstasjonen starta på i 1907. Det må seiast å ha vori ein fordel, da ein har fått fylgje resultatet av dyrkingsåtgjerdene alt frå fyrste stunda. Mære landbrukskole hadde dyrka ein del myr frå 1900 og utover, og resultata var gode. Myra varierer mykje i djupn, og av den grunn kunne ein få prøvd ulike attleggsmateriale. Der myra er over 1,10 m djup, er det for det meste nytta torvgrøfter. På grunnare myr er det nytta bordtutar eller teglrøyr. Da undergrunnen på det meste av forsøks-



Noverande arbeidrarar ved forsøksstasjonen på Mæresmyra. 1. rekkja: Paul Røtte, Magnus Sivertsen, Harald Bue. 2. rekkja: Kåre Rostad, Håkon Gjørv, Trygve Christensen.

stasjonen si myr er fin sand (mojord), ville den fine sanden lett trengje inn i røyra og etter kvart slemme inn så mykje sand at dei vart tilstoppa. Utfelling av jarnrust var og årsak til dette. I slike høye gjekk det ikkje svært mange år før grøftene måtte takast opp att og røyra reinskast. Ein medverkande årsak til at grøftene ikkje verka lenge, var at røyrdimensjonane var for små, 1" og 1½" røyr var vanleg i sugegrøftene i den fyrste tida teglrøyr vart nytta. Dessutan var heller ikkje røyra så vel forma som dei no er. Det gjekk ikkje lenge før 2" røyr vart nytta i sugegrøftene. Synkinga av myra etter grøfting førte etter stuttare eller lengre tid til at myra vart for våt, og grøftene måtte gjerast djupare. Dei ulike torvgrøfttypar heldt seg ikkje like godt, og for ein del var torva som vart brukt til attleget, for mykje molda og smuldra lett. Avsatsgrøftene heldt seg godt, derimot var kilegrøftene mindre stabile av nemnte grunn. Smuldra myrjord fall ned i grøftelebotnen, og på sommars tid når grøfta var turr, kunne jordrotta vera lei i torvgrøftene. Omgrøftinga tok til i 1924. Torvgrøftene heldt seg frå 20 til 30 år før omgrøfting måtte til. Der det var nytta torvgrøfter, var myra gjerne så mykje sokki at teglrøyr kunne brukast i staden.

All grøftinga er utført for hand, når vi ser burt i frå ei amerikansk grøftemaskin, «Buckeye», som vart nytta til å grave 1.300 m grøft i 1919, men arbeidet med denne vart ikkje så godt utført at

røyra kunne leggjast samstundes. Tre år etter vart det difor teki nye grøfter ved sida av og lagt att med torv. I alt er det gravd omlag 19.000 m grøft ved forsøksstasjonen, og omlag alt dette er, serleg frå 1940 og utover, teki opp på nytt for utbetring av systema. I 1953 vart det grøfta eit mosemyrfelt, og der vart det prøvd gravemaskin til grøftinga, men også her måtte handarbeid til for å nytte torvgrøfter.

Brytinga vart først gjort med spade, men på den måten kunne ein ikkje rekke langt. Snart kom hest og plog i bruk. For det meste er all grasmyra pløgd ved dyrkinga, og pløyninga er for størsteparten utført med ein amerikansk 16" nybrottsplog, «South Bend», og tre hestar. Det kunne av og til vera vått, men som oftast var det ikkje turvande å nytte truger anna enn på den hesten som gjekk i føra. Det var lite av stubbar i myra, og berre forkrøkte eksemplarar av furu og bjørk voks der. Mosetuver var det heller ikkje mykje av, ryddinga var i det heile lett å utføre. Den første dyrkinga av mosemyr er utført med flåhakking av mosetuver og frisk mose og brenning av det lause materiale. Mineraljord og kalk er påført, og harvinga er føreteki på telen om våren. Pløyning er ikkje brukt. Etter krigen er det prøvd med maskinell dyrking av kvitmosemyr, og det synest som fresing er den rettaste måten på slike myrtypar.

Utgiftene med dyrkinga har variert mykje ut i gjennom åra. Det aller meste av jorda er dyrka føre 1930. Etter den tid har det vori meir nødvendig å leggja arbeidet på forbetring og omgrøfting av dei oppdyrka jordviddene. Etter dei opplysningane som Lende-Njaa har gjevi (8 og 9), kunne dei i 1910 dyrka grasmyra for ca. kr. 30,— pr. dekar, hertil kr. 10,— pr. dekar i kanalutgifter. Det var da nytta torvgrøfter. I 1918 kosta det kr. 100,— pr. dekar å dyrka same slag myr. Kostnaden med dyrking av mosemyr var da omkring kr. 150,— pr. dekar. Inntil 1921 var det etter opplysningane av Lende-Njaa (9) oppdyrka omkring 245 dekar myr med ein medelkostnad av kr. 75,— pr. dekar, dertil kom så andel i kanal-kostnadene.

Grøftingskostnadene seier oss ein del om dyrkingskostnadene. Eg skal nemne nokre tal for graving av grøft for dei ulike åra. Frå 1940 da omgrøftinga tok til meir ålment, er grøftinga betalt pr. m graving og attfylling (attleggsmateriale er ikkje medrekna). Ved omgrøftinga er brukt rør som attleggsmateriale overalt, og legginga av dei er haldi utanom akkorden.

1912	kr. 0,18	pr. m.
1917	» 0,40	»
1919	» 0,90	»
1922	» 0,65	»



Forsøk med nepe og bygg. Mære kyrkje i bakgrunnen.

Omgrøftinga:

1943	kr. 0,50	pr. m.
1945	» 0,70	» »
1949	» 0,95	» »
1953	» 1,10	» »

Det har kosta meir å grøfte opp tidlegare dyrka myr, enn å grøfte frå nytt av i tida omkring åra 1917 til 1922. Det gir eit godt bilet av korleis pengeverdien har minka etter siste verdskrigene.

Som tidlegare fortald er jorda dyrka til ulike tider og det meste i åra frå 1907 til 1930, etter den tid er mindre stykke dyrka. Frå 1907 til 1917 vart det dyrka 156 dekar, og av dette var det 59 dekar som høyarde til Mære landbrukskole. Frå 1918 til 1930 er dyrka 154 dekar, tilsaman er det 310 dekar myr, og heri er då medrekna 18 dekar mosemyr. Ved ei nøyte oppmåling av konsulent Oscar Hovde i Det norske myrselskap, fann han i 1952 dette areal fordelt etter ulike myrtypar, og det arealet er nytta til:

Ved forsøksstasjonen:

Dyrka grasmyr	202,33	dekar
Beite på grasmyr	41,18	»
Gardsplass, vegar og kanalar	13,82	»
<hr/>		257,33 dekar

Gilberg myra:		
Dyrka mosemyr	28,61	dekar
Grøft, open	0,21	»
	—————	
Udyrka grasmyr	59,70	dekar
Udyrka mosemyr og krattmyr	24,85	»
	—————	
Totalareal	84,55	»
	—————	
	370,70	dekar
	—————	

4. Husbygging.

Driftsbygningane ved forsøksstasjonen er bygd etter kvart som det dyrka arealet voks og det vart større avlingar å ta vare på. Reint ålmement sett er dette mindre føremålstenleg, da det ikkje vart lagt ei tilfredsstillande planløysing for bygningane. Men det var heilt turvande å fylgje denne framgangsmåten av di det var små løvyingar til byggearbeid.

Dei uthusroma som Mære landbrukskole stilte til rådvelde vart snart for små og for tungvinte i bruk. Sommaren 1909 vart det sett opp ein lavebygning, 8×10 m grunnflate og 5 m høy til rafta. Han vart bygd på den leigde parsell av landbrukskolen. Etter kvart som det dyrka arealet auka, melde det seg ny bygging. Avlingane kunne ein ikkje få i hus, og mykje høy måtte seljast direkte frå hesjene. I 1913 vart bygd lavebygning på den leigde myra av Fengselsvesenet. Bygninga var 11×25 m grunnflate og med same høgde som den fyrste läven. Denne gav rom for avlinga ei tid framover. Men til dei som arbeidde på myra var det enno ikkje rom til opphold under måltider og kvile. Anton Bu an, som arbeidde der frå fyrste år, bygde ei barhytte som tente til nemnte føremål dei fyrste åra. Det trengtest difor bustadhus, da enkelte arbeidarar hadde 2–3 km veg til småbruket sitt, som dei hadde å stelle med når dei ikkje hadde arbeid på myra. I 1914 var bygd eit lite bustadhus, 6×12 m grunnflate i $1\frac{1}{2}$ høgde, med kjøkken og kvilerom og eit lite kontorrom. At dette kunne gjerast var Gunnar Knudsen si forteneste ved å få gjennom ei tilleggsløving, da det tidlegare var løyvd for lite. Det melde seg snart krav om meire uthusrom, og i 1916 vart läven frå 1913 tilbygd 25 m og med same høgde, og heile bygninga vart såleis 50 m lang. Her vart det innreidd stallrom til 4 hestar og eit lite fjøs, gjødselhus og lannkumme og med ytre rom. Innreiinga i fjøset var enkel og høvde ikkje serleg godt til føremålet. Den fyrste bygde läven vart reven og materialene bruka i den nye. Det vart og innlagt amerikansk heis til avlessing av høylassa.

I 1917 vart bygd eit bustadhus av same storleik som det fyrste, og hausten 1917 flytta ein arbeidar inn her. Han fekk tilsynet med



Låve oppsett 1909.

garden og stellet av hestane og det 10 år etter at forsøksstasjonen hadde byrja med sitt arbeid.

Forsøksleiaren hadde enno ikkje styrarbustad. Tomt til dette føremål vart leigd, seinare kjøpt av Sparbu prestegard, ca. 300 m frå forsøksgarden. Huset vart bygd i 1918/19 etter teikningar av arkitekt Tormod Hustad. Det har ei grunnflate på 165 m² og med to fulle høgder. Der er og kontorer for forsøksstasjonen. Huset er bygd på gråsteinsmur, og det er kjellar under 140 m². Kostnaden var omkring 60.000 kr. med innlagt vatn og elektrisk lys og kraft. Det vert ca. 360 kr. pr. m² grunnflate.

I 1920 vart det oppført kornbur. Det har ei grunnflate på 7 × 10 m og har golv i tre høgder.

Det melde seg etter krav om meir rom for avling, og i 1923 vart det bygd ein låve for lagring av kornlo. Grunnflata av denne va 11 × 25 m og elles med same dimensjonar som høylåven. Her vart og rom for treskeverket.

Forsøksstasjonen var no etter måten bra utstyrt med hus, og det gjekk lenge før det vart bygd noko nytt. Ei vanskeleg økonomisk tid melde seg, og den gav ikkje høve til husbygging. Ikkje før etter siste verdkrigen kunne vi igjen få byggja. Reidskaps- og maskinbu hadde vi ikkje, og det vart difor mykje flytting av desse ting. Rom til traktor melde seg og, for det gjekk ikkje for oss meir enn andre å vera denne trekkrafta forutan. Dessutan melde seg krav om høveleg plass for tresking av korn frå parsellar da vi fekk kjøpt inn spesielt treskeverk for dette føremålet. Ei maskin- og reidskapsbu med traktorrom og gjødselbu vart oppført i 1946. Grunnflata er 10 × 20 m. I andre høgda er rom for parselltresking.



Uthus og formannsbolig.

Kravet til bygningar er stadig stigande, og no er det spørsmål om potet- og grønsakkjellar, og av bustadhus vantar vi enno hus til assistenten.

Eit lite oversyn over bygningskostnadene til dei ulike tider, kan ha ei viss interesse (det er avrunda tal):

	Heile kostnaden kr.	Kostnad pr. m ² grunnflate, kr.
Låvebygning 1909 — 8 m × 10 m	1.250,—	16,—
Låvebygning 1913 — 11 m × 25 m	5.570,—	20,—
Bustadhus 1914 — 6 m × 12 m	3.240,—	44,—
Låvebygning 1916 — 11 m × 25 m	6.680,—	24,—
Bustadhus 1917 — 6 m × 12 m	8.820,—	122,—
Styrarbustad 1918/19 — 165 m ²	59.290,—	360,—
Kornbur 1920 — 7 m × 9 m	6.500,—	103,—
Uthus ved styrarbustaden 1921 — 7 m ×		
10 m	7.520,—	108,—
Kornlåve 1923 — 11 m × 25 m	9.700,—	108,—
Maskin- og reidskapsbu m. v. 1946 —		
10 m × 20 m	14.580,—	73,—
<hr/>		
Sum bygningskostnader: Kr. 123.150,—		<hr/>

Denne summen fordeler seg med kr. 66.810,— på styrarbustaden med uthus, og kr. 56.160,— på forsøksstasjonen sine bygningar.



Styrarbustaden.

Bygningane er fullverditrygda i Norges Brannkasse slik:

Forsøksstasjonen	kr. 255.000,—
Styrarbustaden med uthus	» 169.400,—

Skal ein samanlikne desse bygningskostnader med dagens prisar, må ein vera merksam på at når det gjeld innreiing og komfort i bustadhús, så var krava tidlegare langt mindre enn no, og for uthusa sitt vedkomande så var dei meir enkle. Likevel gir oversynet ein peikepinn om korleis stigninga i kostnadsprisar har svinga tolleg mykje og speglar såleis av dei «urolege tider» i pengeverda.

5. Litt om forsøksverksemda og kva forseka har lært oss om dyrking av myrjord.

Spørsmålet om kva Mæresmyra kunne brukast til har vore oppe til drøfting langt attende, og kvar tid har sine problem som er viktig for si tid. Der er difor interessant å sjå omtalen av Mæresmyra i eit skrift (10) frå tida omkring 1770: «Efterretning om Inderøens Fogderie». Kven forfattaren er, veit dei ikkje visst. Her vert omtala: «Een myr i Sparboe Hoved Sogn, som nogle meene at bestå af Myrmalm».

«Ungefær midt i Mæhre Sogn ligger en Myr eller Moesse Ligesom i en Dahl $\frac{1}{2}$ Mil Lang og nesten $\frac{1}{4}$ Mil Breed. Det Græs derpå faller, Innhøster de omliggende gårders Beboere, endskjønt samme er kun Lidet og af Slet Bonitet effterdi de icke veed på Bedre Maade at føre sig den til Nutte, siden de icke see nogen Leilighed til paa en beqvem Maade at faae den udtørret, formedelst Mangel paa fald til

Vandets udløb, og om de end foretog sig at gjøre forsøk med grøffter og Render, saa Ville i dette Arbeide som maatte Continueres over en fierendeel Mill i Længde, førend de naaede Søen, dog Møde Mange Vanskeligheder, deels ved forekommende Backer og Mueligens steen-grund, deels med at igennem grave Adskillige gaarders agre og Enge-Iorder, at den derved formodende nøtte icke nogensinde kunde erstatte den Bekostning som paa saadant Arbeide Ville medgaae, her til kommer at en eller 2de Mænd icke kunde have Evne dertil, og at faae fleere til at Lægge Haand derpaa, Ville neppe Lade sig gjøre. Men kunde denne Myr, som nogle vil Meene at bestaae af saadan art som kaldes Myr-Malm, af gode Kiendere blive agtet tienlig til, ved Brending og Smelting at bringe Jærn af, og Bønderne til saadan Behandling, som endnu er dem ubekient, faa nogen Anviisning, Vilde det blive den beste maade paa hvilcken denne Myre, kunde komme i Brug, og de Bønder som havde Skov, kunde det blive til saa megen meere nytte som de formedelst mangel paa Leylighed til anden tienlig indretning, icke kan føre sig samme til nogen særdedels fordeel.»

Eit anna syn for bruk av myra gjorde seg gjeldande omkring 1860. Krimkrigen hadde då rasa, og ei viss oppgangstid med utvida verksemd på ymse omkverve gjorde seg gjeldande. I «Ferdaminne frå 1860» skriv såleis Aasmund O. Vinje, då han var på reise i Innheradbygdene: «Men eg tenkte endå meire på kva magt og velstand som der måtte koma, dersom folk kunde slå seg saman og skjera op den mest halv mil lange og kring ein fjordung breide Mæremyr, som ligg der lik ei fleskeskinka ovanfyre og sunnanfor Mære der på haugen.» Enda gjekk det omkring 50 år før det vart noko større dyrking av myra. Av amtsagronom Schults beretning av 1864 framgår det etter kart som var oppteki av landmålar Julin at Mæresmyra er på 4881 dekar. Det er ikkje berre myr, men også ein del fastmark, serleg i elvdalane og lengst mot vest. Skog er det enno langs elvane og mest gran. Elles utover myra var det små områder av furu og blanding av furu og gran. På udyrka deler av myra kjem no bjørka inn. I 1909 var ein del av prestegarden si myr grøfta for skogkultur, og skogen vokser godt etter denne kulturåtgjerda. Myra på dette partiet var gunn, og no er den hoggi, da feltet er lagt ut til bureisingsbruk. Skogen på dette feltet vart hoggi i 1940, og var da fullt brukande til byggingstømmer.

Det var til jordbruksføremål Mæresmyra skulle nyttast, og i samband med reisinga av den faste forsøksstasjonen på myra, var det nødvendig å få dei klimatiske tilhøve nærmare klårlagde. Frå fyrste stund vart det gjort temperaturobservasjonar i sommarhalvåret, og ifrå 1921 er det i samarbeid med Det Norske Meteorologiske Institutt opprettet målestasjon for nedbøren. Observasjonane har no gått i så mange år at vi har normaldata å leggja fram for årsnedbøren og temperaturen i °C for mai/september. Normalnedbøren for




Fig. 1. Medeltemperatur og nedbør ved Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra i Sparbu.

året ved forsøksstasjonen er 764 mm, og av denne fell 334 mm — eller omtrent halvparten — i månadene mai/september. Av nedbøren i vokstermånadene fell om lag 50 prosent i august og september måned og ca. 28 prosent i mai/juni. Medeltemperaturen er for månadene mai/september 11,5 °C, og varmesummen 1760 °C i den same tida. Fig. 1 viser nedbør og temperatur grafisk (temperaturen for vinterhalvåret er observasjonar frå Steinkjer, ca. 10 km frå forsøksgarden).

Det var mange oppgåver som melde seg til prøving for ein ny forsøksstasjon. Ressursane var små, og det galdt å velja det som var mest aktuelt. Ymse spørsmål kunne ein få ålmengyldig svar på ved forsøk på forsøksstasjonen, medan andre måtte prøvast også andre stader i landet, og det vart såleis frå den fyrste tida lagt spreidde forsøksfelter. Myrane er mykje ulike, og dette var lite på-

akta i den fyrste tida, men det viste seg at det kan vera store skilnader mellom myrtypane når det gjeld kulturåtgjerder og utforminga av dei.

Når det gjeld forsøk og resultatene frå desse frå forsøksstasjonen og andre stader i landet, så vert det her i stutte drag berre ein del resultat nemnd. Eg må elles vise til meldingane som er utgjevne om dei ymse forsøka som er utførde.

Eit av dei spørsmåla som måtte gjerast meire klårt ut ifrå ulike klimatiske tilhøve og ulike myrtypar, var grøftestyrken, avstand mellom sugegrøftene og djupna av dei. Glærum tok straks fatt på dette problemet. På den tid visste ein lite eller inkje om korleis myrane helst skulle grøftast ut. Samanliknande forsøk med dette var ikkje utført, og Glærum sitt grøfteforsøk var vel det fyrste i sitt slag her i landet. Forutan ved forsøksstasjonen, fekk han og lagt eit slikt forsøk ved Rogaland jordbrukskule på Tveit, Rogaland, på noko meir mosehaldig myr enn ved forsøksstasjonen, men under rikelegare nedbør.

Som dei fyrste forsøk i sitt slag skal eg nemne litt om utfallet av dei. For forsøksstasjonen på Mæresmyra sitt vedkomande, viste det seg at ein grøfteavstand på 18 m og 1,10 m djupe grøfter og med lett gjennomtrengjeleg undergrunn, gav like bra avling som ein grøfteavstand på 8 m.

Grøfteforsøk som vart lagde seinare av Lende-Njaa med avstandar frå 10 til 30 m stadfestar Glærum sitt forsøk med at 20 m avstand gav omlag same avlingar som 10 m. Grøfteavstand på 30 m vart for stor. Vi forstår verdien av å få grøftekostnadene ned, men på same tid må det ikkje gå ut over avlingsstorleiken. Da det viser seg at myra vert tidlegare ferdig til arbeidning og såing ved sterkt enn ved veik grøfting og ugraset er lettare å tyne på turrare jord, har vi ved utgrøftinga av forsøksstasjonen si jord ikkje haldi oss til yttergrensa, men brukta 16 m mellom sugegrøftene ved oppdyrkninga. Det viste seg at sterkt grøfting av denne myra ikkje førde til nedsett avling enda om jorda vart etter måten turr. Grasmyra var sterkt mot turke, og det skulle serleg ekstremt lite nedbør til, før det kunne merkast turkeskade.

Forsøket på Tveit i Rogaland viste at her var 7—8 m grøfteavstand best. Her var det mosehaldig myr, men nedbøren er 1700 mm i året, og av dette fell 627 mm i månadene mai/september.

Grøfteforsøket på typisk mosemyr på Mæresmyra har vist at denne bør grøftast varsamare enn grasmyra, da den lettare vert for turr, men av arbeidstekniske grunnar må ein likevel grøfte noko sterkare enn turvande for avlingsstorleiken sitt vedkomande. Grøftene bør helst ikkje vera djupe (omkring 1 m), men av omsyn til at myra søkk mykje saman etter grøftinga, vil det vera tenleg å ta grøftene til vanleg djupn. Den mosemyra som er dyrka ved forsøksstasjonen dei siste åra, er grøfta med 20 m avstand og 1,10 m djupe grøfter.



Hodekål og poteter på Måresmyra.

Grøfteforsøk på myr er elles utført i Trysil, Hedmark fylke, på Fuglemyrane i Målselv, Troms fylke, på Måmyra i A fjord, Sør-Trøndelag fylke, på Østmo-myra i Kolvereid, Nord-Trøndelag fylke og på Smøla i Møre og Romsdal fylke. Det er her ikkje grunn til å gå nærmare inn på desse, men eg visar til dei utkomne meldingar. (Grøfteforsøk er omhandla i meldingane nr. 1 til 5 og i nr. 25-27-31 og 37).

Når det gjeld ein myrtype som brenntorvmyr, har vi ikkje grøfteforsøk å vise til. Den er elles svært vanskeleg å få grøfta ut, da den er lite gjennomtrengjeleg for vatn, ja, den mest typiske brenntorva slepper praktisk sett inkje vatn igjennom. Regnvatnet vert ståande over på jorda lange tider, og her er det spørsmål om å få leida vatnet best mogleg vekk i overflata.

Når det gjeld attleggingsmateriale og -måtar, så skal det her nemnast at ved forsøksstasjonen vart grøftene mykje lagt att med torv der myra var djup nok til det. Godt lagte torvgrøfter heldt seg godt i 20 til 25 år. Rørgrøfter som vart nytta på grunnare myr, heldt seg ikkje så lengje før omgrøfting måtte til, da dei vart tilslemma av finsand frå botnen, og elles var ein utsett for utfelling av jarnrust i røyra.

Det var naturleg at oppdyrkingsmåten av myr vart reist som forsøksspørsmål. Forsøk vart teki opp ved forsøksstasjonen og på spreidde felt på meir mosehaldig myr. I samband med dette vart det prøvd jordbetring med sand og leir. Ved oppdyrkning til åker og eng var pløying best for grasmyra. På mosemyr eller mosehaldig myr

derimot, kunne bryting med plog med fordel sløyfast og i staden flåhakke moselaget og tuvene, brenne det avtorva laget og spreie oska. Mineraljorda vart påkjørt myra på vinterføre, og om våren når det var opptint 10—15 cm av telen, vart denne saman med kalk og gjødsel blanda i jorda ved horvinga. På mosemyra gav mineraljorda gode og rentable meiravlingar, men dette avhenger av prisane for arbeidet, og dei har svinga mykje sidan dei fyrste forsøka med jordbetring vart utførde. No for tida er arbeidskostnadene så store, at dei fleste kvier seg for å leige folk til dette arbeidet. Elles viser det seg at avlingsauken for mineraljord på mosemyr avheng av nedbören på føresommaren. Under nedbørforhold som ved forsøksstasjonen har det hittil vist seg at mineraljorda har gitt gode meiravlingar, men moldingsgraden av myra har vorti betre med åra, og det har etter kvart ført til mindre og mindre meiravlingar. Forsøk i seinare år synes å visa at der det er stor nedbør på føresommaren, t. d. 60—70 mm om månaden, der trengs det ikke påføring av mineraljord på mosemyr, avlingane kan verta like bra utan. Derimot er det andre føremonar med mineraljord på myr, såleis vert ho sterkare mot tråkk av beitedyr. Nemnte spørsmål er enno ikkje utforska tilstrekkeleg, det trengs fleire forsøk som ikkje er billege å få utført.

På gras-stormyr ved forsøksstasjonen gav mineraljorda relativt små meiravlingar, og sjølv om dei kunne vera rentable dei fyrste åra etter dyrkinga, så vart det mindre meiravlingar etter kvart som myra vart betre molda. Ein kunne såleis sløyfe mineraljorda ved kultivering av denne myrtype.

Dyrking av mosemyr eller simplare myrslag i seinare tid viser at fresing vert den billegaste og mest tenlege måten å dyrke slik myr på. Flåhakking vert for dyrt og pløyning let seg ikkje gjera på skikkelig vis utan svært dyre hjelpearåder. (Dyrkingsforsøka er omhandla i meldingane nr. 1-7-17-23 og 40.)

Før spørsmålet om kalking av myr vart meir underbygd med forsøk, heitte det at all myr måtte kalkast ved dyrkinga, og etter det vart det handla da dyrkinga tok til ved forsøksstasjonen. Men alt frå fyrste tida tok Glærum opp kalkingspørsmålet, serleg spørsmålet om verknaden av ymse mengder. Analyser av myra viste omkring 400 kg CaO pr. dekar til 20 cm djupn, men dette svingar på dei ulike parti av myra. Fyrste forsøket viste ikkje nokon avlingsauke for kalktilføring, det var heller nedgong i eng og grønför. Kalken i myra hadde såleis sin store verdi. Kalkinnhaldet i myra her skriv seg frå skjelrestar av muslingar som levde i fjorden den tida denne gjekk innover området, og frå tilsig frå omliggjande kalkrike område. Fleire kalkingsforsøk som vart lagde, stadfestet stort sett fyrste forsøket, men av og til fekk vi avlingsauke for kalken. Dette kom av dei ulike vokstrar som vart dyrka, såleis var det avlingsauke i kløverrik eng og til dels i bygg. Gjødslinga innverka og på kalkverknaden, såleis verka kvaevegjødsling til å utviske denne. I mange høve er



Eng på mosemyr, Mæremyra.

det den indirekte verknaden av kalken, den raskare mobilisering av myrjordkvævet som har vori årsak til meiravlinga for kalking. Kalken har heva reaksjonen (pH-verdien) i myra, den ligg opphaveleg omkring pH 5. Reaksjonen etter kalkinga tok av etter kvart, og di lengre frå kalkingsåret analysen er utført, di nærmare låg reaksjonen det opphavelege tal. Likevel har dei kalka rutene til dels vist større avlingar, og serleg kom dette fram i håavlinga, men og i fyrste slåtten der det ikkje har vori gjødsla med kvæve. Vårt syn er framleis at når det er så stort naturleg innhold av kalk i myra som 400 kg pr. dekar til 20 cm djupn, er det ikkje naudsynleg å kalke ved oppdyrkninga, heller ikkje har det vori turvande å føra til noko sidan dyrkinga tok til for å få gode avlingar, men kalkingsforsøka held fram for å fylge spørsmålet vidare. Kalkingsforsøk er og i stor utstrekning utført på spreidde felt utover landet, og dei viser at kalkverknaden står i samband med det opphavelege innhaldet av kalk i myra. På mosemyr er det trong for kalk da innhaldet er lite frå naturen si side. Kalkinnhaldet ligg jamnt over under 100 kg CaO pr. dekar til 20 cm. Store mengder kalk er det likevel ikkje føremålstenleg å føra til, det kan verka skadeleg. Kor ofte det bør tilførast kalk på nytt, er ikkje utrynt, men det bør ikkje tilførast store mengder ved fornying av kalkinnhaldet, da det t. d. på bygg kan oppstå skadeverknad med mangefull kjerneutvikling (mosemyr). Så naudsint som kalken kan vera på myrjord, så må ikkje kalkinga overdrivast. Dette har førekomi i den trua at det berre er til gode for myra. (Kalkingsspørsmålet er omhandla i melding nr. 8-9-21-25-30-34 og 40.)

Med dei kjemiske analysar av myrjord i samband med gjøds-

lingsforsøk og analyse av plantematerialet frå desse, har vi fått betre og sikrare kjennskap til kva myrjorda inneheld av plante-næringsemne og kor mykje som trengs å førast til ved gjødsling av dei ymse planteslag. All myr er fatig på næringsemna fosfor og kalium, av kvæve er det rikeleg i dei gode grasmyrane, men langt mindre i kvit- og gråmosemyrane.

Sjølv om ei fosforanalyse kan vise seg høg nok til å gi maksimal avling, så er fosforet tilstades i myra i ei slik form at det er mest utilgjengeleg for plantane. Det er difor naudsynt å forrådsgjødsle med fosfat ved dyrkinga. Fåren for utvasking av fosfor i myrjord er minimal da det vert sterkt bundt i denne jorda, om enn noko ulikt etter kva myrtypen det gjeld og innhold av jordalkalier. Kaliuminnhaldet er oftast lite, men i slik form at plantane godt kan nyte det. Det viser seg at det er naudsynt alt frå 1. yrste tid å tilføre kalium for å haude avlingane oppe. Å forrådsgjødsle med dette emnet, er ikkje føremålstenleg, men ein må vera merksam på at plantane tek opp omlag 4 gonger så mykje kalium som fosfor.

Forsøk med ymse mengder mineralnæring for å klærgjere gjødslingsstyrken til dei ymse vokstrar, er utført både ved forsøksstasjonen og på spreidde forsøk rundt om i landet. Forsøk med ymse fosfat- og kaliumgjødselslag er utført mest berre ved forsøksstasjonen. På myr der kalktilstandet er tilfredsstillande er superfosfat å tilrå, medan thomasfosfat høver best der kalktilstandet ikkje er bra. Det er ikkje stor skilnad på verknaden av desse fosfatslaga, men superfosfat har raskare verknad. Råfosfatene har vist seg brukbare på myrjord, spesielt til forrådsgjødslinga, dei har noko seinare verknad enn dei meir lettøyselege fosfatslaga.

Av kaliumgjødselslaga er det Stassfurtersalta som er mest eine-rådande, m. a. fordi dei er høgprosentlege. Dei er elles likeverdige i verknad — med ein del avvik. Råsalta er lågprosentlege og er av den grunn lite brukt av di fraktkostnaden vert for stor, men dei inneheld sporemne som har sin verdi på myr som er fatig på slike emne. For gjødsling til potet er elles dei klorfrie kaliumgjødselslaga å tilrå også på myrjord med di at det prosentiske innhaldet av turremne vert større med denne kaligjødsela.

Nyare forsøk for å prøve måtar til å avgjera fosfor- og kalium-trøngen i myr ved fastsettjing av lettøyselege mengder av fosfor og kalium, uttrykt i laktattal og kaliumtal, har hittil ikkje vist seg å tene til føremålet for myrjorda sitt vedkomande.

Gjødslingsforsøka med kvæve viser at det opphavelege innhaldet i myra er mindre tilgjengeleg for plantane straks etter oppdyrkinga, men når moldingsprosessen kjem i gang, vert kvævet frigjort til nyte for kulturplantane. Denne prosessen er ikkje like rask i all slags myr, i grasmyra går den raskare enn i mosemyr. Det kan såleis vera vanskeleg å avgjera styrken av kvævegjødslinga i ymse høve, og serleg må det visast varsemd med kvævegjødsling til korn som



Havreåker på Mæresmyra.

står til mogning, da det har lett for å gå i legde. Er moldinga langt framskriden på myrjorda, kan ein ofte sløyfe kvævegjødsling til kornet. Til andre vokstrar, som ikkje skal stå til mogning, vil det i dei fleste høve, også på grasmyr, vera naudsynt med kvævegjødsling. På lite molda myr er det derimot stor trong for kvæve. Det er vilkåra for nitrifikasjonen i myra som er avgjerande for kvævegjødslinga; di høgre over havet og di lengre mot nord ein kjem, di veikare er nitrifikasjonstilhøva og di meir naudsynt med kvævegjødsling. På forsøksstasjonen og omkring i landet er utført forsøk med ulike mengder kvæve, medan samanliknande forsøk med ymse kvævegjødselslag er utført mest ved forsøksstasjonen. Kalksalpeter og kalkammonsalpeter har slegi best igjennom på myrjord. Dei er om lag likeverdige, men skilnader i verknad kan koma fram etter ulike kalktilstand myra er i og dei ymse kulturvokstrar. Odda kalkkvæve har til dei fleste prøvd vokstrar vori underlegen. Til potet har det derimot vist seg bra ved å gjødsle like før potetene kjem opp, det tyner samtidig frøugraset, så det vert lite arbeid med det. Ammoniumsulfat gjer myra surare ved jamt bruk og er difor underlegen dei først nemnde i verknad. På kalkrik jord eller jord som vert kalka, kjem verknaden av dette kvævegjødselslaget på høgde med kalksalpeter. (Forsøk med kvævegjødselslag er omhandla i melding nr. 2—14 og 22. I nr. 14 er myrjordas trong til kvævegjødsling omhandla.)

Mikronæringsemne eller sporemne kan det på myrjord verta spørsmål om å tilføra. Dei mest vanlege er kopar, bor og mangan. Forsøksstasjonen har lagt forsøk på forsøksgarden si jord og på spreidde felter. Det er svært små mengder plantane treng av desse,

og når ein kan stille sikker diagnose på mangelen, skulle det ikkje trengast å klårgjere dette ved forsøk, anna enn ved ulike mengder i dei høve der tronen er påvist. På grasmyra ved forsøksstasjonen har vi ikkje kunne påvise nokon mangel på sporemne, men det har vist seg kopar- og bormangel på mosemyra som ikkje er påført mine-raljord.

Plante kulturforsøka har hatt ein stor plass i forsøksarbeidet vårt, og da serleg i arbeidet på forsøksstasjonen. Det er sort- og stammeforsøk av dei ymse jordbruksvokstrar og av ein del hagevokstrar det har vori mest av, men dessutan er det utført forsøk med ulike sätider, ymse attleggjingsmåtar til eng, såmengder, forsøk med ymse voksterskifte (omlaup) og andre forsøk. Beiteforsøk med ulike dyrkingsmåtar av grasmyr og forsøk med ulike grøftestyrkar til varig beite er og utført. Meldingar om utførte forsøk er gjort kjent i årsmeldingane frå forsøksstasjonen, og da det her vil føre for vidt å gå nærmare inn på resultata frå forsøka, tør eg vise interesserte til dei. Her skal refererast nokre avlingstal for dei ymse kulturar som er dyrka ved forsøksstasjonen, både på gras- og mosemyr. Det er medelavlingar frå ei rekke år, og dei inkluderer rett store variasjonar. Avlingane er i kg pr. dekar:

Frå grasmyra:

Høy av timotei, 1. og 2. slått	700—800 kg
Bygg (korn)	250 »
Havre (korn)	290 »
Grønför (havre og erter)	690 »
Nepe (rot)	7000 »
» (blad)	2500 »
Potet	2800 »
Gulrot	4000 »
Hovudkål (vinterkål)	2800 »
» (sommarkål)	4000 »
Beite (fulldyrka myr)	340 føreiningar
» (overflatedyrka myr)	290 »

Frå mosemyra:

Høy (1. slått, timotei + kløver)	670 kg
Bygg (korn)	180 »
Havre (korn)	220 »
Potet	2290 »
Nepe (rot)	4640 »
» (blad)	1400 »

Dei sortar som desse tal grunnar seg på, er for bygget sitt vedkomande, Kjевik stjernebygg og Hersebygg, og for havre er det Nidar II, som er den tidlegaste havresorten vi har. For neper er det Fynsk bortfelder, potet — Louis Botha, gulrot — Nantes, tidleg hovudkål — Ditmarsker og for seinare hovudkål — Trønder. Da avlingane



Timoteieng på Mæresmyra.

frå grasmyra og mosemyra ikkje er frå dei same åra, kan dei ikkje samanliknast heilt ut, men stort sett kan ein rekne med at dei gir eit tolleg godt bilet av korleis desse to myrtypane stiller seg produksjonsvore sett. Kvaliteten av avlingane er like gode på mosemyr som er påført mineraljord som frå grasmyr, ofte ligg den noko over i så måte. Både høy- og potetavlingane ligg elles godt til på mosemyra. Av andre hagevokstrar som vi har prøvd, og som går godt på grasmyra, er blomkål, grønkål, raudbeter, pastinakk, purre, reddik, salat og dessutan ymse blomeplantar som ikkje er for frostømme. Da myrjorda ikkje er drivande, vil vokstrane gjerne verta seinare utvikla på myrjorda enn på fastmark.

Ved forsøksstasjonen har vi prøvd å gjennomføre eit voksterskifte (omlaup) etter dette skjema:

Havre.

Rotvokstrar.

Bygg med attlegg til eng.

Eng i 4 år.

Da rotvokstrane ikkje kan innta nokon stor plass fordi vi ikkje har høve til å føre dei opp, så har vi til utfylling teki bygg i staden på den jorda som ikkje ligg til forsøk. Eit slikt omlaup der kornet skal stå til mogning, høver der den frostfrie vokstertida er lang nok. Eit omlaup utan korn til mogning, men med rotvokstrar, har vi og prøvd etter dette skjema:

Rotvokstrar på ompløgd eng.

Grønför med attlegg til eng.

Eng fem år.

Enga kan nok liggja lenger ifall timoteien er dominerande. Det går fint å ta nepene på ompløgd eng på grasmyr, og avlingane vert her like bra som etter korn.

Når det gjeld korndyrking på myrjord, så må det tidleg såing til, og ein må ikkje vente med det sjølv om det er tele i myra. Tidleg såing gjev tidlegare mogning og betre kvalitet av kornet. Frost på brodden om våren har sjeldan gjort skade, derimot er sommar- og haustfrost verre. Under sein mogning kan det verta spørsmål om å verne kornet med å lage røykdekke over, men det er vanskeleg å få god verknad. Under dei forsøk vi har gjort på Mæresmyra med røyking mot frost, har vi oppnådd å hindre ein temperaturnedgang på ca. 2 C°, og det kan ofte vera nok til å berge kornet.

Da timoteien er det beste enggraset, har vi dreve frøavl av denne gjennom alle år. Dette har som oftast gått bra, men avlingane har variert mykje for di det har så lett for å verta legde på myra her. For ei årrekke har frøavlinga lege på omkring 50 kg pr. dekar i medel.

Planteforedling er dreve i liten målestokk. Det er timotei det er arbeidd med, men det har hittil ikkje lukkast å få fram nokon type som er serleg betre enn den vi sjølv har frøavl på vanleg måte. I samanliknande forsøk har denne hevda seg godt mellom andre timoteistammer.

Myrjorda høver best til dyrking av fôrvokstrar og til fleire hagevokstrar som ikkje skal stå til mogning. Til erter for mogning høver ikkje godt molda myrjord. Til potet er myrjorda i mange høve lite skikka, da denne planta toler lite frost, men på dei stader der frosten held seg burte det meste av vokstertida, vil poteten vera ein god kultur også på myrjorda.

(Framhald).

SKORT PÅ PLANTENÆRINGSSTOFF I VESTNORSK JORD UNDER VESTNORSKE VERLAGSTILHØVE.

Av amanuensis S. Røyset.

(Framhald frå hefte nr. 4.)

7. Mangan.

Ein har i lang tid kjendt til ein sjukdom som hjå havre og andre grasslag gjekk under namnet gråflekk- eller lysfleksykja. Ein meinte også at sjukdomen hadde si årsak i ei for sterkt kalking saman med ei sterkt mekanisk jordarbeidning.

For om lag 50 år sidan kom ein likevel til klárleik om at årsaka til sjukdomen var skort på mangan. Mangan er eit naudsynleg næringssstoff som plantane brukar mykje meir av enn av kopar, men likevel vert det berre så små mengder som 40 til 50 mg mangan pr. kg tørr plantemasse, eller med andre ord svært lite.

Manganet har mange oppgåver i plantekroppen, og er også naud-

synleg for laging av bladgrønt. Når det skortar på mangan, vil det difor verta klorofyllfrie, ljosgule stripar, gråkvite flekkar og brune prikkar på dei grøne blada. Denne sjukdomen er ikkje så sjeldan å sjå både på sterkt kalka og på lite kalka åker og eng i Vest-Noreg.

Det er nok ei kjensgjerning at sterkt kalking aukar symptomata på manganskort på den måten at kalken ved eit visst pH-verde bitt, eller gjer manganet tungt oppløyseleg. Men vanleg er den vestnorske jorda nokså sur med pH i kring 4,5 til 5,5, og med så låg syregrad skulle ikkje manganskorten gjera seg gjeldande når det i det heile er tilgjengeleg mangan i jorda. Men i verlag med store nedbørsmengder som regn også om hausten og vinteren, er det også vilkår for at det lettast tilgjengelege manganet kan vaskast ut av jorda, og det er ei høgst mogleg forklaring på at ein ofta ser manganskort på vestnorsk jord som er lite eller ikkje kalka.

Hjå dei fleste plantar av grasfamilien, vil manganskorten syna seg med den såkalla ljosflekk- eller gråflekksykja. Men symptomet kan variera noko både med sorten og planteslaget endå om variasjonane ikkje er så svært store.

Hjå b y g g syner manganskorten seg med at blada vert litt bleikt grøne og etter kvart får små ljosgule flekkar på den midtre og øvre del av bladplata. Flekkane ordnar seg seinare i ljosgule (gylne) lengdestripa over heile bladplata. Somme tid kan stripane verta brunlege og bladspissen tek etter kvart til å visna, men blada vil sjeldan falle heilt saman. Er skorten serleg sterkt, kan veksten verta lågare enn normalt, veik og kjerneavlinga kan gå ikkje så lite ned.

H a v r e syner ikkje manganskort på heilt same måten som bygg. Stripene vert sjeldan ljosgule, heller brunlege, og får i det heile ein litt annan fargetone. Det vert heller ikkje så regelmessige lengdestripa, mest ljest grågule og i somme tilfelle raudgule flekkar medan blada tek til å visna frå spissen. Er skorten sterkt, kan flekkane ofta gå saman og dekkja større deler av bladplata, og ut i veksttida kan blada somme tid brotna av på midten og hengja ned med ein halvgrøn eller halvvisna bladspiss. Manganskort hjå havre vil resultera i kvitaks på dei øvre og ytre greiner i havretoppen endå om strået ser ut til å vera normalt høgt.

Hjå t i m o t e i syner skorten seg på ein litt annan måte. Skilnaden er at i staden for gule stripa og grågule flekkar, vil timotei få ein heil del grå og gråkvite flekkar på den midtre og øvre del av blada, bladspissen kan verta sterkt bleikgul eller brun og visna som synt på fig. 4.

Ein har sett døme på at meir enn 50 prosent av timoteiplantane i ei eng hadde desse symptom frå nederste til øverste bladet ei god stund før vanleg slåttetid, og resten av timoteien i enga hadde veikare, men likevel synlege symptom. Ved sterkt skort kan meir enn halvdelen av eit timoteiblad få ein veikt raudfiolett til brungul farge med ei markert grensa tvers over blada slik at dei ofta kan brotna av og




Fig. 4. Manganskort på timotei.

Kålrot kan syna skorten med bleikt grøne blad som får grøngule til gulkvite flekkar mellom bladnervane. Symptomet kan likna noko på koparskort, men den vesentlege skilnaden er at ved manganskort ordnar flekkane seg i rader langs oversida av sidenervane heilt inn til midtnerven og over heile bladplata. Somme tid kan kålrotblada få ein samanhengande grå, eller gråbrun stripe rundt heile bladet om lag 0,5 til 1 cm inn frå bladkanten. Bladet er elles om lag normalt grønt. Symptoma kan koma til syne ut i veksttida og synes då ikkje å ha nokon serleg verknad på avlinga. Men syner symptoma seg tidleg i veksttida, vil bladverket verta tidleg defekt og avlinga kan gå noko ned.

Poteter syner nokså karakteristiske symptom på manganskort. Det første symptomet vil vera at den midtre og nedre del av blada vert bleikt grøne til grøngule, medan den øvre del av blad og spissar vil vera om lag av normal farge. Det mest karakteristiske symptomet er likevel at det frå midtnerven og langt ut mot bladkanten lagar seg perlebandliknande rader av små, mørke punkt. Desse mørke perleband-flekkane held seg helst på oversida av sidenervane, men ved sterkt skort kan dei også syna seg på nedsida av sidenervane og like eins på sidone av midtnerven. Er skorten serleg sterkt, vil dei mørke

spissen hengja ned. Det er sjølvsgatt at høykvaliteten ikkje vert bra i slike tilfelle endå det ikkje treng om å verta stor avlingsmink.

Kløver er ikkje svært ømfintleg for manganskort. Men somme tid vil kløverblada få nokså regelmessige, avlange, gråbrune flekkar litt innanfor bladkanten, medan bladet elles er grønt. Ved sterkt skort kan flekkane etter kvart gå over i ein annan og kantane og den ytre del av bladet kan få ein raudleg-gul farge, og kløverblada vil ta til å visna frå kanten og innetter. Dette er mest dei same symptom som ved kaliumskort hjå kløver, men ved tidleg manganskort er dei grå og gråbrune flekkane rektagulære og skarpt markerte og held seg til eit bestemt belte innanfor kanten av bladet.

prikkane spreida seg utover det grøngule bladverket, og det torer vera sjølvsagt at knollavlinga går ned av di bladverket vert meir eller mindre sterkt øydelagt.

Det gjødselmedel ein brukar mot manganskort er mangansulfat som inneheld om lag 25 prosent Mn. Det er sjølvsagt myrjorda som lid mest av manganskort og som treng mest om å verta gjødsla med mangan. Men ein har mange sikre døme på at manganskorten kan syna seg svært sterkt både på sandjord og aurjord, og serleg då om jorda er bra kalka.

Mangansulfat kan ein gjødsla med i mengder frå 3 til 5 kg pr. dekar og med høgst 6 til 8 års mellomrom. Dei største mengder bør ein bruka på myr, medan ein kan bruka ei mindre mengd og gjødsla litt oftare på lett gjennomtrengeleg sandjord og på aurjord.

8. J a r n .

Det har lenge vore kjend at jarn er eit naudsynleg plantenæringsstoff. Men endå om jarnet er eit av dei mest vanlege grunstoffa i naturen, brukar dei ymse planteslag og arter likevel relativt små og sterkt varierande mengder jarn. I litteraturen har ein likevel sett medelforbruket av jarn til om lag 400 mg pr. kg tørr plantemasse, men endå om jarnet utan samanlikning er det mikronæringsstoff som plantane brukar mest av, er det likevel sannsynleg at det nemnde talet er ein god del for høgt, i alle fall for somme kulturvokstrar.

Jarnet førekjem i naturen både som metall og i mange forskjelle sameiningar både som 2-verdig og 3-verdig jarn i jordskorpa og i dei lause jordlaga. Jarnet fins både fast bunde i, og adsorbtivt bunde til jordkolloida, og like eins oppløyst i jordvæska. Det er som 2-verdig jarn, oppløyst i jordvæska eller lausare adsorbtivt bunde til kolloidane at plantane kan nytta jarnet. Dei 3-verdige jarnsameiningane er tyngre løyselege og har liten eller ingen verdi for plantane.

9. Distriktsbidrag og diverse refusjoner vedk. myrundersøkelser og myrinventering	» 10.000,00
	kr. 73.000,00
10. Statsbidrag	» 252.000,00
	Tilsammen kr. 325.000,00

Bilag 2.

Forslag til budsjett for Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra og spredte forsøks- og demonstrasjonsfelter omkring i landet for kalenderåret 1958.

Driftsutgifter:

1. Forsøk og gårdsdrift	kr. 53.000,00
2. Spredte forsøks- og demonstrasjons-felter	» 5.000,00
3. Analyser	» 1.400,00
4. Trygging, kontorhold, avgifter og litteratur	» 5.500,00
5. Faglig hjelp og kontorhjelp	» 5.000,00
6. Vedlikeholdsutgifter	» 6.500,00
7. Særtrykk av meldinger	» 400,00
	kr. 76.800,00

Overført kr. 76.800,00

Andre utgifter:

1. Grunnforbedringer og nydyrkning ..	kr.	500,00
2. Maskiner, redskaper og inventar ..	»	2.500,00
3. Diverse innredning til vaskerom for arbeiderne og et kontorrom ved forsøksstasjonen	»	2.500,00
4. Septiktank ved styrerboligen	»	1.000,00
		» 6.500,00

Sum kr. 83.300,00

Inntekter:

Salg av produkter ved forsøksstasjonen	kr. 30.000,00
--	---------------

Merknader til forslaget.

Postene 1, 2, 3, 5 og 7 er oppført med de samme beløp som i inneværende år. Til post 5 vil jeg bare få lov å vise til de motiveringer som er gitt gjentagende ganger i tidligere budsjettforslag, så det skulle ikke være nødvendig å nevne de. Postene 4 og 6 er økt med kr. 500,00 hver, da postene viser økning fra tidligere regnskap.

Andre utgifter:

Nydyrkning og grunnforbedringer er satt ned med kr. 500,00. Det aller meste av jorda er nå grøftet for 2. gang, en del for 3. gang. Det vil ellers alltid være nødvendig med utbedringer av grøftesystemer. Det foreslåes innkjøpt ny høyheis eller høyblåse. Den gamle heis er mye slitt. Et arkivskap ønskes også innkjøpt. Det er oppført beløp til innredning av et vaskerom for arbeiderne i det eldste våningshus, og til et lite kontorrom i samme bygning. Det er også oppført et beløp til septiktank ved styrerboligen. Dette er helt nødvendig, da det vil gå lang tid før annet kloakkanlegg kan bli realisert i området ved Mære st.

Inntekter:

Salg av produkter er oppført med kr. 30.000,00, en økning på kr. 5.000,00 fra inneværende år. Refusjoner for forsøk er strøket, da forsøk som vi tidligere har fått refundert utgiftene til, for fremtiden ikke kan bli refundert.

Forsøkene m. v. i 1957.

I 1957 var det ved forsøksstasjonen anlagt følgende forsøksfelter:

1. Sort- og stamme forsøk:
8 i eng, 3 i poteter, 3 i neper og 1 i følgende vekster: havre, bygg,

- grønnfôr, gulrot, hodekål, i alt 19 felter. Dessuten små prøve-felter av salat, raudbeter og purre.
2. **Kalking og jordforbedring:**
3 kalkfelter, 10 kombinerte kalk- og gjødslingsfelter, 2 kombinerte kalk- og sandfelter, i alt 15 felter.
 3. **Gjødslingsforsøk:**
9 i eng og 2 i korn, i alt 11 felter.
 4. **Frøavl:**
2 felter.
 5. **Omløpsforsøk:**
3 på grasmyr og 1 på mosemyr, i alt 4 felter.
 6. **Grøfteforsøk:**
1 på mosemyr.
 7. **Ugrasbekjempelse:**
1 i eng og 1 i poteter, i alt 2 felter.
 8. **Beiteforsøk:**
1 på grasmyr med ulik grøfteavstand.
 9. **Mikronæringsforsøk:**
2 felter i eng.
 10. **Dyrkingsforsøk:**
1 på mosemyr.
 11. **Sammenlikning mellom avkastning på mose-myrr og krattmyr:**
1 felt.
 12. **Fornying av plantebestandet i gammel eng:**
1 felt.
 13. **Forsøk med forskjellig radavstand til bygg:**
1 felt.
 14. **Planteforedling:**
1 felt i timotei.
- Av oversikten går fram at det er anlagt i alt 61 forsøksfelter av ymse slag.

Spredte forsøks- og demonstrasjonsfelter.

Det vil fremgå av tabellen at det er lagt i alt 22 spredte felter. I Fliplingdal er engfeltet hos P. Kroken avsluttet, og det er lagt et nytt mikronæringsfelt hos Halfdan Nerdal. På Tramyra i Overhalla var vinteren hard med enga på myrjord. «Isbrann» hadde herjet meget sterkt, på enkelte bruk var all eng utgått. Det ble lagt et forsøk med ymse timoteistammer og seinrapp siste vår for å prøve stammenes vinterstyrke. På myrer i Vikna er det i vår lagt to felter med svovelgjødsling for om mulig å senke pH på kalkrik myr. Feltenet som ble planlagt i Osen herred i 1956, er ennå ikke kommet i gang.

Diverse.

I bygningen der gårdskaren bor er det gjort et tilbygg på $3\frac{1}{2}$ m i 1. etasje for storhus, dusjrom og rom for grønnsaker. I tilbygget er

Oversikt over spredte forsøks- og demonstrasjonsfelter i 1957.

Forsøkssted	Sand- og kalk-felter	Gjøds-lings-felter	Mikro-næ-rings-felter	Andre for-søk	Sum	Feltstyrer
Nordland fylke:						
Fiplingdal	1		1	1	3	K. Arsund.
Nord-Trøndelag fylke:						
Tramyra, Overhalla	2		1		3	O. Klykken.
Fjellbygda, Kvam				1	1	R. Nordtug.
Vikna		2	5		7	A. Prestvik.
Aursjømyra, Verran				1	1	L. Kvaal.
Sør-Trøndelag fylke:						
Måmyr, Roan				1	1	A. Furuseth.
Møre og Romsdal fylke:						
Stavik, Fræna				1	1	R. Gjelsvik.
Hedmark fylke:						
Flendalen, Trysil		1			1	A. Vatnebryhn.
Slettåsfeltet, Trysil		1			1	A. Vatnebryhn.
Jenngårdsmyra, Vang al-menning				1	1	Blæstad små-bruksskole.
Østfold fylke:						
S. Måstad gård, Rødenes..	1	1			2	G. Jowall.
Sum	4	5	7	6	22	

ordnet nedgang til kjelleren i det gamle bygget. Arbeidet er ennu ikke ferdig, men håper på å få det alt vesentligste ferdig i løpet av høsten. En del andre forbedringer vedkommende husene mener vi å få utført i år. Av vedlikeholdsarbeid som er utført, skal nevnes at det er lagt ny takstein på en del av taket på styrerboligen, nytt papp-tak på kornburet, da det gamle var utett, og det er videre lagt ny låvebru opp til treskelåven, og bruha er forsyt med bærebjelker av jernbaneskinner. I styrerboligen er foretatt en del malingsarbeider. På gårdstunet ved forsøksstasjonen er utført plenarbeid, det gjenstår noe av dette. Det viser seg at mye jord må kjøres til for å få skikkelige plener.

Av besökende ved forsøksstasjonen har vi i år hatt en studiegruppe på 36 personer fra Jämtlands läns hushollnings-selskap, Sverige, og 40 personer fra Solør og Odal Bondelags forsøksring. Den 11. august hadde jordbruksorganisasjo-

nen i Sparbu markdag, og i den anledning var også omvisning ved forsøksstasjonen, ca. 40 personer deltok i denne omvisningen. Elevene ved Mære landbrukskole har som vanlig hatt omvisning her.

Assistent T o r M. Bratberg sluttet i stillingen den 31. oktober 1956, og som ny assistent ble ansatt sivilagronom R o l f C e l i u s fra Trondheim, han overtok stillingen fra 1. desember 1956.

I mai og juni måned foretok forsøkslederen reiser for tilsyn av forsøksfelter i Overhalla og Verran, og en reise til Røyrvik i anledning dyrking av en myr. Det er sannsynlig at på siste plassen vil bli lagt forsøksfelt senere. Forsøkslederen tok del i sommermøtet som Rådet for jordbruksforsk hadde på Statens forsøksgård Møystad i tiden 5. til 7. juli.

Som vanlig er foretatt nedbør- og temperaturobserveasjoner ved forsøksstasjonen, og tørrstoffanalyser av potet og neper blir utført her.

Det er innkjøpt ny radsåmaskin for korn.

Mære, den 20. august 1957.

Det norske myrselskap

Hans Hagerup.

(sign.)

DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSSTASJON PÅ MÆRESMYRA.

50-ÅRS MELDING 1907—1957.

Av forsøksleiar Hans Hagerup.

(Framhald frå hefte nr. 5.)

6. Utgifter og inntekter.

Det ligg i saka sjølv at utgiftene til drifta av ein forsøksgard i jordbruk må koma til å vera større enn ved vanleg jordbruksdrift av same gard. Forsøka fører med seg oppdeling av jorda i felt og ruter som må stellast på eigen måte, og alt etter kva forsøk det gjeld, må det oppvegging av gjødsel, kalk og frø til kvar einskild rute. Avlinga frå dei einskilde rutene må vegast serskilt, og alt det arbeid dette fører med seg, gjer at det krevst meir arbeid til forsøksarbeidet enn til vanleg gardsdrift.

I fig. 2 er framstilt grafisk eit oversyn over utgifter og inntekter pr. år ved forsøksstasjonen 1907—1956 (det er medeltalet av 5-års bolkar som er brukt i framstillinga). Søyla med og utan skravering viser kva utgiftene er gått til. Feltene utan skravering er utgifter til vedlikehald, kontorhald og investering i jorddyrkning, hus og reiskaper og maskiner, med skravering gjeld forsøk og gardsdrift og spreidde forsøk. Dei første åra er det ikkje store utgifter, men etter kvart som jord vart dyrka og hus vart bygd, stig utgiftene. Dei når ein




Fig. 2. Oversyn over årlege utgifter og inntekter ved forsøksstasjonen.

topp under og etter første verdskrig, 1917—1921. Det var dyrka mykje jord og bygd hus i denne tida, men og inflasjonen den gongen er mykje årsak til dei store utgiftene. Deretter fylgjer «nedgangstida» til 1940. Det er lite eller ikkje bygging, men elles vert det same arbeidet utført, og den større verdi som pengane etter kvart fekk, gjer at utgiftene målt i kr. vert mindre. Så fylgjer andre verdskrig med oppgang i utgiftene i større grad enn nokon gong. Ein del bygging har vi og etter krigen, og i 1952—53 vart innkjøpt traktor med reiskap og dessutan fekk Myrselskapet kjøpt jorda som før vart leigt. Dette avspeglar seg i dei høge utgiftene som søylene viser. Til kjøpet



Forsøksleiar Hans Hagerup.
Kroner igjennom åra, men relativt i høve til forsøk ved forsøksgarden, har dei gått tilbake.

I dette oversynet er ikkje medteki lønene til forsøksleiar og assistent.

7. Opplysningsarbeid.

Dette arbeidet har først og fremst gått ut på å gjera kjent dei resultata som forsøksverksemda har vist, både frå forsøk ved forsøksstasjonen og frå dei spreidde forsøksfelta. Det er i alt gjeve ut 41 forsøksmeldingar. Før 1935 vart desse meldingar trykt i «Meddelelser fra Det norske myrsekskap», og dessutan utgjeve sertrykk. Frå 1936 til 1950 er meldingane ikkje trykt i «Meddelelsene», men komi ut som eigne skrift. Desse meldingane innheld fleire artiklar forutan eit ålment oversyn for året om ver og års-vokster. Etter 1950 er meldingane som regel gjeve ut gjennom «Konoret for landbruksforskning» og trykt i tidsskriftet: «Forskning og Forsøk i landbruket», og kvar artikkel kjem som eigi melding. Sertrykk vert og teki av desse meldingar. I desse meldingane har O. Glærum skreve 17 artiklar, J. Lende-Njaa 37, P. J. Løvø 1, H. Hagerup 42 og A. Hovd 20 artiklar. Av dei som har vori styrrarar av spreidde forsøksfelt har fylkesagronom Johs. Narud og fylkesagronomane Olav Sørlie og Harald Lunde 1 og 5 artiklar. Det er dessutan både i «Meddelelsene» og elles i fagpressa skreve om myrdyrkingsspørsmål, og til dette kjem så artiklar i dagspressa.

av traktor og reiskap fekk vi ei serleg løyving på kr. 20.000,— av Landbruksdepartementet. Elles er det høgkonjunkturen (inflasjonen) som vert avspeglia i dei høge utgiftene. Inntekten var små dei første åra, men etter kvart som jordvidda aukar, og serleg med dei høgare prisar som verdskrigane førde med seg, har og inntektene auka. Dei spelar ikkje så liten rolle i forsøksstasjonen sin økonomi. Høvet mellom utgiftene til forsøk- og gardsbruk held seg nokolunde på same nivå igjennom åra, og det har vori minst skilnad frå 1930 og utover til 1946, skilnaden har vori størst straks etter dei to verdskrigane.

Utgiftene til spreidde forsøk har haldi seg på om lag same høgd i

Av småskrifter og bøker som er gjeve ut og som grunnar seg på myrforsøka, skal nemnast:

J o n L e n d e - N j a a: «Luksusbruk av fosforsyre og kali». Prisskrift. Medd. fra Det norske myrselskap.

«Om nydyrkning». Prisskrift. Jordbundsutvalgets småskrift. Kristiania 1914.

«Gjødsling på myr». Jordbundsutvalgets småskrift. Kristiania 1917.

«Myrdyrking». Grøndahl og Søns Forlag. Kristiania 1924.

H a n s H a g e r u p o g A k s e l H o v d: «Kva myrforsøka viser». Særtrykk av Medd. fra Det norske myrselskap, 1938.

H a n s H a g e r u p: «Forsøksresultat og røynsler frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon». Særtrykk av Medd. fra Det norske myrselskap nr. 5, 1929.

«Forsøksresultat og røynsler frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon». Særtrykk av Medd. fra Det norske myrselskap nr. 1, 1942.

A k s e l H o v d o g H a n s H a g e r u p: «Resultat og røynsler frå Det norske myrselskap si forsøksverksemd i myrdyrking». Særtrykk av Medd. fra Det norske myrselskap nr. 3, 1954.

Foredragsverksemd er det og utført ein del av, men denne har for det meste vori i det nærmaste omlandet av forsøksstasjonen. Om sommaren har vi hatt omvisningar og demonstrasjonar av forsøka for tilreisande lag og enkeltpersonar og på denne måten også spreidd kunnskapar om myrkulturen.

Eit ledd i opplysningsarbeidet har og utstillingane vori, både lokale og dei av meir landsomfatande karakter. Forsøksstasjonen har teki del med grafiske framstillingar av forsøksresultat, fotografi frå forsøksfelt og av produkter som er avla på forsøksgarden. Her skal nemnast dei større utstillingar forsøksstasjonen har teki del i:

Jubileumsutstellinga i Oslo 1914.

Fylkesutstellinga i Nord-Trøndelag, Steinkjer 1923.

Trøndelagsutstellinga i Nidaros 1930.


Møre fylkes jubileumsutstelling i Molde 1931.

Levanger by's jubileumsutstelling 1936.

Fylkesutstelling i Nord-Trøndelag i Steinkjer 1950.

For deltaking i utstillingane er forsøksstasjonen tildelt takke-diplomer, da den tok del utanfor konkurransen.

Av kurs for landbruksfunksjonærar er det haldti to, eit i 1916 og eit i 1919. Dei vart haldne i juli månad, og Mære landbruksskole stilte rom m. v. til disposisjon begge gonger. Kursa omfata myrkultur og plantekultur.



Aksel Hovd.

over til same stilling ved Statens forsøksgard på Møystad, Hedmark fylke, og denne stillinga hadde han til 1947 da han sluttet etter nådd aldersgrense.

Landbrukskandidat Jon Lende-Njaa, fra Time i Rogaland, 1910 til 1921. Han vart i 1921 utnemnt til professor i jordkultur ved Norges Landbrukshøgskole og hadde denne stillinga til 1927, da han døydde, 45 år gammal. Eg skal ikkje her gå nærmare inn på desse to menn sine vita, men berre få lov å vise til Det norske myrselskaps jubileumsmelding 1902—1952, der ein vil finne utførlegare omtale. Ved dette høve vil eg likevel få lov å hylle begge to for det banebrytande arbeid dei har utført på myrkulturen sitt område. Glærum var den som i fyrste rekke måtte «*bryta isen*» omkring dette arbeidet, og det gjekk etter kvart godt, da avlingsresultata frå forsøka syntet at her var jord som det måtte reknast med i den framtidige jorddyrkingsa i landet vårt. Lende-Njaa heldt fram i same lei, og medan han var styrar ved forsøksstasjonen, vart ein stor part av jorda oppdyrka. Ved 50-års milepelen for forsøksstasjonen takkar vi for denne innsatsen i den fyrste vanskelege tida i stasjonen sitt arbeid.

Landbrukskandidat Hans Hagerup, fra Sparbu i Nord-Trøndelag, vart tilsett som forsøksleiar 1. juni 1921.

Assistentar:

Landbrukskandidat P. J. Løvø, fra Kornstad i Nordmøre, 1914—1916. Frå 1916 til 1917 var han assistent ved Åkervekstforsøka ved Norges Landbrukshøgskole, 1918 og 1919 var han rasjo-

8. Funksjonærar og arbeidrar.

I dei 7 fyrste åra var forsøksleiaren einaste funksjonären ved forsøksstasjonen, det vart ikkje tilsett assistent før i 1914. Gjennom mange år no har vi og hatt ekstraassistentar om sommaren, og det har anten vori agronomar eller jordbruksstudierande. Etter siste verdskrig har vi og hatt studerande frå Island.

Gjennom dei 50 åra som er gått har det vori følgjande forsøksleiarar:

Landbrukskandidat Ole Glærum, frå Surnadal i Nordmøre, 1907 til 1910. I 1910 vart Glærum tilsett som forsøksleiar ved den nyopprettet Statens forsøksgard for Trøndelag på Voll i Strinda, og frå 1920 gjekk han



Forsøksleiar P. J. Løvøe.



Direktør Hans Bekkevahr.

neringsinspektør i Møre, og frå 1920 har han vori forsøksleiar ved Statens forsøksgard på Voll i Strinda.

Landbrukskandidat Hans Bekkevahr, frå Sem i Vestfold, 1916 til 1918. I 1918 sekretær i Sentralstyret for næringsnemndene i Vestfold. Avdelingssjef i Felleskjøpet i Trondheim frå hausten 1918 og frå 1946 direktør for Felleskjøpet.

Landbrukskandidat Hans Hagerup, 1918 til 1921.

Landbrukskandidat Aksel Hovd, frå Verran i Nord-Trøndelag, 1921 til 1956. Han døydde den 27. april same året. Hovd vart utnemnt til myrkonsulent i 1955.

Landbrukskandidat Tor Bratberg, frå Beitstad i Nord-Trøndelag i 1956.

Landbrukskandidat Rolf Celius, frå Trondheim, frå 1. desember 1956.

Arbeidrarar:

Anton Buan var arbeidar og formann frå stasjonen byrja arbeidet i 1907 til 1948. Buan var frå Stadsbygd i Sør-Trøndelag og kom til Sparbu under anlegget av Nordlandsbana og vart fastbuande her. Det er ein lang arbeidsdag han har hatt i arbeid på forsøksstasjonen. I 1945 vart han tildelt Selskapet for Norges Vel's medalje for lang og tru teneste. Buan døydde i 1955.

Konrad Røtte var i teneste frå 1909 til 1932, da han måtte slutte på grunn av sjukdom. Han døydde i 1944.



Assistent Tor M. Bratberg.



Assistent Rolf Celius.

Jon Lænn, frå 1912 til 1940, da han slutta på grunn av nådd aldersgrense, 70 år.

Anton Rostad, frå 1913 til 1951, da han og slutta på grunn av nådd aldersgrense.

Magnus Sivertsen, frå 1918 til 1956, da han fylte 70 år og slutta i tenesta.

Lænn og Sivertsen budde i nabobygda, Sandvollan, og hadde 5 til 6 km å gå eller sykle kvar morgen og kveld for å vera i arbeid på forsøksstasjonen.

Martin Svepstad, frå 1916 til 1921.

Paul Bartnes, frå 1921 til 1942. Han slutta for å byggja seg heim like ved forsøksstasjonen.

Helmer Johansen, frå 1918 til 1920. Han er død.

Harald Bue, frå 1931.

Paul Røtte, frå 1931.

Sigmund Lein, var gardskar og formann ved forsøksstasjonen frå 1942 til 1948.

Trygve Christensen vart tilsett som gardskar og arbeidsformann i 1949 og er det framleis.

Henry Rostad, i 1948 og 1949.

Kåre Rostad, frå 1949.

Håkon Gjørv, frå 1957.

Jon Lænn, Anton Rostad, Magnus Sivertsen, Harald Bue, Paul Røtte og Paul Bartnes vart i 1956 heidra med Det norske myrselskaps diplom med takk for fortentstfullt arbeid ved forsøksstasjonen.

Ved 50-års milepele er det meg kjært å få bera fram ein varm takk til alle arbeidarar for god innsats og truge arbeid gjennom alle år. Og serleg må eg få lov å nemne dei eldste som var med under arbeidet med grøftinga, oppdyrkinga og husbygginga dei fyrste åra. Mange tunge tak var det å ta. Tekniske hjelperåder slik som det er i dag, var det lite av, det var handkrafa som måtte ta taka, saman med hestekrafa. Likevel gjekk dei til arbeidet med interesse og glede. Triveleg var det å sjå at det grodde og vokser etter arbeidet. Og takk for den jamne kvardagen, da det galde å stelle med vokstrane, tolmod spurdest det mange gonger om. Eg har inntrykk av at arbeidarane trivdest med arbeidet, for det har ikkje vori mykje skifte i arbeidsstokken i denne 50-årsbolken, og det er godt for ein forsøksgard å ha arbeidarar med røynsle i arbeidet.

9. Sluttmerknader.

Det ligg nær å stille det spørsmålet om det var rett å ta fatt med forsøk på myr og at denne verksemda vart lagt på Mæresmyra, ei god grasmyr. Svaret ligg i dei resultat som forsøksverksemda har gjeve, frå den faste forsøksstasjonen og frå spreidde forsøksfelt på myr utover landet. Det var rett å få nærmare klårlegging av problemene vedkomande dyrking av myr, og resultata har gjort klårt at på grasmyr og betre myrtypar tek ein gode og årsikre avlingar av viktige jordbruksvokstrar, så store at dei konkurrerer med dei frå våre beste fastmarksjorder i så måte. På den yis er landet gjort større ved at jord som tidlegare var lite påakta som kulturjord, kan det reknast med ved nydyrkning og bureising.

Det er og hevda at å leggja forsøksstasjonen i myrdyrking på så god myr som Mæresmyra var feil. Etter mitt skjøn var det heilt rett å ta den gode myra først, ein skal som kjent ikkje gøyme det beste til slutt. Likevel var det naudsynt også å ta fatt på andre og mindre gode dyrkingsmyrar, da det er mykje av den slags i landet vårt. Det var høve til dette på Mæresmyra, da ein del mosemyr vart tillagt forsøksstasjonen. Arbeidet med denne har vist at den er vanskelegare å få til som kulturjord, men at det også går an å få den til å bera gode avlingar. Men det er og andre og vanskelegare myrtypar, som vi enda i liten grad har kunna ta fatt på, da vi må finne dei på andre kantar av landet. Dette gjeld serleg brenntorvmyr, der brenntorva ligg høgt i profilet. Det vantar såleis ikkje oppgåver å ta fatt på.

Når ein ser tilbake på den tida som er gått sidan starten, så har det vori ei rik og god utvikling. Arbeidet byrja smått, men det gjekk framover år for år. I dette ligg at arbeidet fekk tiltru, ikkje berre hos styremaktene, men og hos det jamne folket der resultata av arbeidet skal bera dei beste frukter. Det har vori ei sannkjenning av at gjennom forskning og praktiske forsøk kan vi hjelpe til å gjera arbeidet lettare og mindre sjansevore for den praktiske utøvaren.

Dei som har fått til oppgåve å styre med dette arbeidet, har tykt

at arbeidet har vori sers interessant. Og for min part vil eg få seia at om eg ikkje alltid har tykt at det ein kunne leggja fram var så godt som ynskjeleg kunne vera, så var det ikkje vilje det skorta på, men andre årsaker som har vori medverkande. Det har vori opp- og nedgongstider også i denne verksemda, og ikkje alltid har det vori like lett å arbeide.

Eg vil få lov til frå oss som arbeider ved forsøksstasjonen i dag, å bera fram ein hjarteleg takk til Det norske myrselskaps styre for godt samarbeid og for all den velvilje vi alltid har møtt i våre krav som vi har vori så fri å stille. Likeså ein varm takk til styremaktene og andre som løyver pengar til dette arbeidet. Eg vil til slutt uttale den vona at det tillitsfulle samarbeidet må vare ved også i framtida til gagn for folk og land.

10. Litteratur.

1. Knut Vethe: «Det norske myrselskap. Jubileumsmelding 1902—1952».
2. Aasulv Løddesøl: «Myrene i næringslivets tjeneste». Grøndahl og Søns Forlag, Oslo, 1948.
3. G. E. Stangeland: «Torvmyrer i Norge». N. G. U. 1896.
4. Alv H. Helland: «Fortellinger i Norges historie II», 1943.
5. P. Chr. Asbjørnsen: «Om Myrdryrkning». Christiania 1856.
6. Sigv. Hasund: «Myrdryrkning». Kristiania 1910.
7. W. Baden: «Mitteilungen über die Arbeiten der Moor-Versuchsstation in Bremen. Festschrift zum 75 jährigen bestehen der Anstalt». 1952.
8. J. Lende-Njaa: «Det norske myrselskaps forsøksstasjon 1907—1917». Melding nr. 11 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon.
9. J. Lende-Njaa: «En kort oversikt over Myrselskapets forsøksstasjons utvikling til og med 1920». Melding nr. 14 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon.
10. Årbok for Nord-Trøndelag historielag 1949: «Efterretning om Inderøens Fogderi». Steinkjer trykkeri A/S.
11. H. Hagerup: «Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra gjennom 25 år (1907—1932). Eit stutt attersyn.» Melding nr. 22 frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon.

11. Utgjevne meldingar.

- Nr. 1. (1908) av O. Glærum (utgått):
- a. Sammenligning av 4 havre- og 3 byggsorter.
 - b. Forsøk med forskjellig såtid.
 - c. Dyrkningsforsøk med 3 potetsorter.
 - d. Forsøk med forskjellige sorter neper og kålrot på 1. års dyrket myr.
 - e. Hodekål på myr.
 - f. Bearbeidingsforsøk på myreng.
 - g. Grønför på myr.

- h. Overgjødslingsforsøk på myrent.
- i. Avgrøftningsforsøk.
- Nr. 2. (1909) av O. Glærum:
 - a. Dyrkningsforsøk med korn.
 - b. Forsøk med forskjellig såtid.
 - c. Dyrkningsforsøk med 5 potetsorter.
 - d. Forsøk med neper og kålrot.
 - e. Hodekål på myr.
 - f. Sammenligning mellom Norgesalpeter og Chilesalpeter på nybrutt myr.
 - g. Norgesalpeter og Chilesalpeter til grønnfør på nybrutt myr.
 - h. Forskjellig avgrøftning til kunsteng på myr.
- » 3. (1910) av Jon Lende-Njaa (utgått):
 - a. Forsøk med forskjellig såtid.
 - b. Sammenligning mellom 6 bygg- og 7 havresorter.
 - c. Enggjødslingsforsøk på Mære landbruksskole.
 - d. Dyrking av kål og andre kjøkkenvekster på Mæresmyren.
 - e. Gjødslingsforsøk på Mæresmyren.
 - f. 9 nepeggjødslingsforsøk 1908.
 - g. Avgrøftningsforsøk.
- » 4. (1911) av Jon Lende-Njaa:
 - a. Forsøk med forskjellig såtid for havre og bygg.
 - b. Prøving av forskjellige havre- og byggslag på Mæresmyren.
 - c. Grønnførblandinger.
 - d. Smitningsforsøk til grønnfør.
 - e. Gjødslingsforsøk på myrent.
 - f. Avgrøftningsforsøk.
- » 5. (1912) av Jon Lende-Njaa:
 - a. Forsøk med forskjellig såtid for havre og bygg.
 - b. Forsøk med forskjellige fosforsyregrødslinger på Mæresmyren 1912.
 - c. Utsed fra myr på fastmark.
 - d. Avgrøftningsforsøkene på Tveit og Mæresmyren 1912.
 - e. Beretning om forsøkene i Trysil (av Johs. Narud).
- » 6. (1912) av Jon Lende-Njaa:

Luksusbruk av fosforsyre og kali (I «Meddelelser fra Det norske myrselskap», 1912).
- « 7. (1913—1914) av Jon Lende-Njaa:
 - a. Oppdyrkningsforsøk.
 - b. Forsøk med påføring av mineraljord.
 - c. Smitningsforsøk.
 - d. Avgrøftningsforsøk.
 - e. Havresortforsøk 1910—14.
 - f. Byggsortforsøk 1910—1914.
 - g. Forsøk med forskjellig såtid for havre og bygg (av P. J. Løvø).
 - h. Beretning om forsøkene i Trysil.
- « 8. (1914) av Jon Lende-Njaa:

Kalking på myr (I «Norsk forsøksarbeid i jordbruket», 1914).
- » 9. (1914) av Jon Lende-Njaa:

Nydyrkning (Jordbunnsutvalgets småskrifter, nr. 8, 1914).
- » 10. (1915) av Jon Lende-Njaa (utgått):
 - a. Sammenligning mellem sterkere og svakere gjødsling 1. år på nydyrket myr.
 - b. Forsøk med forskjellig såtid og høststid for grønnfør på Mæresmyren.
 - c. Beretning om forsøkene i Trysil 1915 (av Johs. Narud).
- » 11. (1916—1917) av Jon Lende-Njaa:
 - a. Det norske myrselskaps forsøksstasjon 1907—1917.
 - b. Sammenligning mellom gressarter i ren bestand.

- c. Sammenligning mellom ettervirkning av forskjellig grunngjødsling og virkningen av årlig vedlikeholdsgjødsling.
 - d. Sammenligning mellom forskjellig fosforsyrerike gjødselslag.
 - e. Forsøk med kobbersulfat.
 - f. Beretning om myrforsøkene i Trysil 1917 (av Arne Stramrud).
- Nr. 12. (1917) av Jon Lende-Njaa (utgått):
Gjødsling på myr (Grøndahl og Søns Forlag, Kristiania, 1917).
- » 13. (1918—1919) av Jon Lende-Njaa (utgått):
a. Nogen engdyrkingsforsøk på Mæresmyren.
b. Nogen iagttagelser over forhold som har innflytelse på plantebestandens sammensetning i eng på dyrket jord.
c. Oversikt over de viktigste resultater av engdyrkingsforsøkene på Mæresmyren.
- » 14. (1920) av Jon Lende-Njaa:
a. En kort oversikt over Myrselskapets forsøksstasjons utvikling til og med 1920.
b. Forskjellig såtid for havre og bygg.
c. Sammenligning mellom ulike kvelstoffgjødselslag.
d. Litt om myrjordens trang til kvelstoffgjødsel.
- » 15. (1921—1922) ved Hans Hagerup:
a. Grønforblandingar på myr.
b. Forsøk med ymse sortar nepor og kålrot på Mæresmyra 1911—20.
c. Dyrking av kjøkenvokstrar på Mæresmyra 1911—22.
d. Forsøkene i Trysil 1919—1921 (av A. Hovd).
e. Forsøksresultater og erfaringer fra Det norske myrselskaps forsøksstasjon (av Jon Lende-Njaa).
- » 16. (1923) ved Hans Hagerup:
a. Samanlikning mellom ymse kaligjødselslag.
b. Kor sterkt bør gjødslast årleg med fosforsyra og kali til eng på myrjord?
c. Forsøk med ulike vårkornarter på Mæresmyra 1917—23 (av A. Hovd).
d. Myrforsøk i Land (av Olav Sørlie).
- » 17. (1924) ved Hans Hagerup:
a. Samanlikning millom ulike dyrkingsmåtar av grasmyr under svak grøfting.
b. Havre og bygg på myrjord.
c. Haustrug på myrjord.
d. Beretning om myrforsøkene i Trysil 1922—24 (av Harald Lunde).
- » 18. (1925—1926) ved Hans Hagerup:
a. Nokre resultat av potetdyrkning på myrjord.
b. Samanlikning millom ymse så- og haustetider for grønför og undersøkingar over førverdet av dette.
c. Forsøk med ymse smittemåtar på nydryka myr (av A. Hovd).
d. Beretning om myrforsøkene i Trysil 1925 (av Harald Lunde).
e. Kann superfosfat utan skade blandast med kalikalk ved utsåinga.
- » 19. (1927) ved Hans Hagerup:
a. Samanlikning millom ymse fosforsyregjødselslag.
b. Forsøk med Biogine og Sulgine på myrjord.
c. Blandingsgjødsel i samanlikning med vanleg kunstgjødsel.
d. Resultat av spreidde forsøk på myrjord. Gjødslingsforsøk (av A. Hovd).
e. Beretning om myrforsøkene i Trysil 1927 (av Harald Lunde).
- » 20. (1928) ved Hans Hagerup:
a. Eit 9-årig enggjødslingsforsøk på kvæverik grasmyr, med ein-sidig, to-sidig og tri-sidig gjødsling.
b. Forsøksresultat og røynsler frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon.

- c. Resultat av spreidde forsøk på myrjord. Engfrøblandingar (av A. Hovd).
 - d. Beretning om myrforsøkene i Trysil 1928 (av Harald Lunde).
 - e. Gjødslingsforsøk til grønfôr og eng på myrjord ved Tveit jordbrukskule.
- Nr. 21. (1929—30) ved Hans Hagerup:
- a. Samanlikning millom ulike mengder fosforsyre og kaligjødsel fyrste året på nydryrka grasmyr og etterverknaden av desse, og korleis har ulik sterk kvævegjødsling verka fyrste året og dei 8 etterfylgjande år?
 - b. Resultat av forsøksdyrkingsa på Øktmyrane i Fluberg 1924—1929.
 - c. Kalking på myr. Resultat av eldre og nyare forsøk (av A. Hovd).
 - d. Beretning om forsøkene i Trysil 1929—30 (av Harald Lunde).
- » 22. (1931—1932) ved Hans Hagerup (utgått):
- a. Det norske myrselskapets forsøksstasjon gjennom 25 år, 1907—1932. Eit stutt attersyn.
 - b. Samanlikning millom kvævegjødselslag på myrjord.
 - c. Røyking mot nattfrost på Mæremyra (av A. Hovd).
- » 23. (1933) ved Hans Hagerup:
- a. Beitekontroll for ulike dyrkingsmåtar av grasmyr til beite.
 - b. Dyrkingsforsøk på myr i Trysil 1912—30 (av A. Hovd).
- » 24. (1934) ved Hans Hagerup:
- a. Samanlikning millom reinsådde engvekster på grasmyr.
 - b. Engdyrkning på myr. Forsøk med slag og blandingar av engvokstrar (av A. Hovd).
- » 25. (1935—1936) ved Hans Hagerup:
- a. Forsøk med ulik sterk grøfting av myrjord.
 - b. Sand, leir og kalk på myr (av A. Hovd).
- » 26. (1937—1938) ved Hans Hagerup:
- a. Forsøk med ulike slåttetider for timoteieng på myrjord (grasmyr).
 - b. Forsøk med nye kvævegjødselslag.
- » 27. (1938) av Hans Hagerup og Aksel Hovd:
Kva myrforsøka viser. Stutt oversyn over viktigare forsøksresultat.
(I «Meddelelser fra Det norske myrselskap», 1938.)
- » 28. (1939—40) ved Hans Hagerup:
- a. Forsøk med stigande mengder 40 % kalisalt på myrjord.
 - b. Korndyrking på myr. Forsøk på Mæremyra 1921—1939. Havre- og byggsortar (av Aksel Hovd).
- » 29. (1941) ved Hans Hagerup:
- a. Ymse forsøk med poteter på myrjord.
 - b. Korndyrking på myr (av Aksel Hovd).
- » 30. (1942) ved Hans Hagerup:
- a. Samanlikning mellom salpeter- og ammoniumkvæve.
 - b. Forsøk med ymse kaligjødselslag til poteter på myrjord.
 - c. Myrforsøk i fjellet. Forsøk på Kløftåsen sæter, Vangrøftdalens Os i Østerdalen (av Aksel Hovd).
- » 31. (1943) ved Hans Hagerup:
- a. Ymse forsøk med neper (turnips) på myrjord.
 - b. Resultat av spreidde forsøksfelt på myrjord (grøfteforsøk).
- » 32. (1944) ved Hans Hagerup:
- a. Haust og vårspreiding av ymse fosfatslag på eng.
 - b. Forsøk med Nitammonfos.
 - c. Resultat av spreidde forsøk på myrjord. Forsøk i Troms fylke.
 - d. Dyrkingsforsøk i 17 år på Aursjømyra i Verran 1927—1943 (av Aksel Hovd).
- » 33. (1945—46) ved Hans Hagerup:
- a. Forsøk med rotvekster på Mæremyra 1922—1943 (av Aksel Hovd).

- b. Forsøk med stigande mengder superfosfat til åker og eng på myrjord 1925 til 1946.
- Nr. 34. (1950) av Hans Hagerup:
Kalkingsforsøk på myrjord. Serpent av «Forskning og forsøk i landbruket» 1950.
- » 35. (1950) av Aksel Hovd:
Gjødsling av eng på myr. Serpent av «Forskning og forsøk i landbruket» 1950.
- » 36. (1952) av Hans Hagerup:
Samanlikning mellom superfosfat og svøttfosfat. Serpent av «Forskning og forsøk i landbruket» 1951.
- » 37. (1953) av Hans Hagerup:
Forsøk med ulik sterk grøfting av myrjord. Serpent av «Forskning og forsøk i landbruket» 1953.
- » 38. (1956) av Aksel Hovd:
Dyrking av brenntorvmyr. Serpent av «Meddelelser fra D. N. M.».
- » 39. (1954) av Aksel Hovd:
Forsøk på myr i Namdal. Serpent fra Nord-Trøndelag landbruks-selskaps årsmelding 1953.
- » 40. (1957) av Hans Hagerup:
Forsøk på myr i Numedal, Buskerud fylke. Serpent av «Forskning og forsøk i landbruket» 1957.
- » 41. (1956) av Hans Hagerup:
Dyrkingsforsøk på myr («Heimyr») i Nissedal, Telemark fylke. Serpent av «Meddelelser fra D. N. M.».
-

Til Myrselskapets medlemmer !

Særtrykk av de utgitte forsøksmeldinger og av jubileumsmeldingen, vil så langt opplaget rekker, kunne fåes fritt tilsendt ved henvendelse til *Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra*, adr. Mære st., eller til *Det norske myrselskaps hovedkontor*, adr. Rosenkrantzgt. 8, Oslo. Dessverre er opplaget av en del meldinger allerede gått ut, det gjelder nr. 1, 3, 10, 12, 13 og nr. 22. Disse meldingene finnes imidlertid i de aller fleste landbruksbiblioteker rundt om i landet, så de skulle være relativt lett å få utlånt hvis noen ønsker det.

KUNSTIG TØRKING AV TORV.*)

*Av sivilingeniør Rich. H. Westergaard,
Sentralinstitutt for industriell forskning.*

Innledning.

Nærværende undersøkelse er foretatt for midler stilt til rådighet av Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd for Det norske myrselskap. Prinsippet med lavtemperaturtørking (silotørking) er brukt ved tørking av gress m. m. og er tidligere bearbeidet av Landbruks teknisk Institutt på Ås (1¹). Det var disse erfaringer som ga støtet til Myrselskapets interesse for saken, og vi har drevet saken i samarbeid med et utvalg bestående av direktør Aasulv Løddesøl, formann, sivilingeniør Odd Todnem fra Landbruks teknisk Institutt, konsulent Ole Lie og forfatteren. Myrselskapets tørv tekniske utvalg, ingeniør L. Egeberg, ingeniør A. Ording og overrettssakfører A. Valen-Sendstad, har vært innkalt til de fleste av vårt utvalgs møter.

Tørvstrøfabrikkene i Norge arbeider i dag nokså tungt til tross for at det er et stort behov for tørvstrø. I regnfulle somre slik som i 1958 led mange av fabrikkene direkte tap. Det var derfor meget ønskelig om en kunne finne en lønnsom metode for kunstig tørking. Da råtorven har et tørrstoffinnhold på ned til 10 %, er det åpenbart at full kunstig tørking er utenkelig på grunn av de store omkostningene; transport, brensel og maskinleie. Det finnes en mengde litteratur om tørking av torv (2-3-4). Vår oppgave var imidlertid på forhånd begrenset til å undersøke muligheten for lavtemperatur-tørking som såvidt vites ikke er undersøkt tidligere.

Det var opprinnelig foreslått å bygge en relativt stor silo og gjøre forsøk en sesong med denne. Men ved nærmere ettertanke kom en til at en laboratorieundersøkelse med en teoretisk vurdering ville bli billigere og gi data som var mer anvendelige, bl. a. fordi værfordlene under forsøket ikke ville forstyrre.

I det følgende er resultatene av laboratorieforsøkene gjengitt nokså summarisk (i originalrapporten til Myrselskapet finnes alle observerte data). På basis av de fremkomne data, klimatabeller og teoretiske beregninger har en så vurdert metodens utsikter.

Eksperimentell del.

Naturtørking.

Vi fikk inn en hel del prøver av torv i forskjellige stadier fra 9 forskjellige fabrikker. Det viste seg at vurderingen av fuktigheten

*) Denne artikkelen er en noe forkortet utgave av «Tørking av torv» ved samme forfatter i Teknisk Ukeblad, nr. 34, 1957.

(1) Kfr. litteraturfortegnelsen.




Fig. 1. Tørking i krakk ute.

varierer svært fra fabrikk til fabrikk, og at uttrykk som «stakketørr» langt fra er entydig. Betegnelsen tørr ble brukt på torv fra 40 til 17 % fuktighet, mens enkelte kaller selv 27 % for «noenlunde tørr». Vi har i det følgende antatt at 30 % svarer til tørr torv, men forskjellen i vanninnhold mellom 25 % og 30 % er liten, og vil ha liten betydning for omkostningene ved kunstig tørking. Vi prøvde å få et inntrykk av hvilken grad av fortørking fabrikantene kunne tenke seg å være interessert i. Midlet av fire mottatte «fortørkede» prøver lå på 50 %, mens en av prøvene lå på 79 %. Materialt skulle tyde på at selv om en må fortørke til 50 % er det interesse for kunstig ettertørking. Alle fuktighetsangivelser er når intet annet er sagt beregnet på våt basis.

Som et ledd i undersøkelsen av naturtørkingen ble det to ganger satt opp to «krakker» med rå torv på et tak på alboratoriebygningen. Dette tak lå nokså lunt og hadde sol hele dagen. Torvkrakkene som sto på et stativ ble veiet daglig og til slutt tørket helt ned, og fuktigheten beregnet. Resultatene fra et av forsøkene er gjengitt grafisk på fig. 1. Foruten fuktigheten på tørr og våt basis er det på figuren tegnet inn nedbørsmengden etter oppgave fra Meteorologisk Institutt på Blindern. (Mindre enn en km borte.) Andre observasjoner er ikke anført, men kan skaffes.

Sommeren 1956 var en regnfull sommer, og de første 14 dagene fant ingen tørking sted. Fra 7. juli var det godvær, og på ca. 20 dager kom en ned i 40 % vanninnhold. En ser at vanninnholdet har avtatt sterkest i begynnelsen. En ser dette best av kurven basert på tørr basis. Ifølge Luikow (5) er tørkehastigheten konstant ned til ca. 70 % fuktighet. Under 70 % vil ikke overflaten lenger være helt våt, og tørkehastigheten avtar. På grunn av variasjonene i været kan en ikke vente «pene kurver», men forsøket synes å bekrefte at tørkehastigheten er noenlunde konstant til 70 % (våt basis) for så å avta mot slutten av tørkeperioden. Den 16. juli blir kurven for % vann

(tørr basis) påtagelig flatere. Fuktigheten på våt basis er da 67 %. Dette bekrefter antagelsen om at det er fornuftig å fjerne det meste av vannet ved naturtørk, som går raskt når torven er helt rå. Blir det på den annen side regn, er heller ikke skaden så stor på dette stadium.

Av fig. 1 sees at tørkingen setter inn den 28. juni. I tiden 3.—8. juli står den stille. Øverst på diagrammet er de «effektive tørkedager» anført, og vi kan sette opp følgende tabell over forløpet:

Antall effektive dager	10	13	16	19	22	(27)
% fuktighet	80	70	60	50	38	(30)

Det er klart at sjansen for 16 dagers godvær er svært meget større enn sjansene for 27. På den annen side, hvis det er god tørk i luften, er det meget lønnsomt å forlenge tørketiden 3 dager fra 16 til 19 dager, da det reduserer den vannmengde som skal fjernes ved ettertørk til nærmere det halve (jfr. tabell V).

Det ble også gjort et tørkeforsøk i tiden 24. august til 24. september, men fuktigheten kom ikke lengre ned enn til vel 80 % selv om det var en del godvær. Det antas at natteduggen er årsaken til at tørkingen stoppet opp.

Likevektsfuktighet.

De fleste organiske stoffer vil i kontakt med vanlig luft holde en viss fuktighet vesentlig avhengig av luftens relative fuktighet. Vi har undersøkt torvens likevektsfuktighet ved romtemperatur. Det viste seg at torven har lav likevektsfuktighet og derfor lar seg tørke selv av luft med høy relativ fuktighet. Dette forhold er gunstig, forsåvidt som det muliggjør en god utnyttelse av tørkelufta. En risikerer heller ikke noen oppfukting av torven ved høy utefuktighet. På den annen side er det ugunstig fordi en vil komme til å tørke en del av torven langt mer enn ønskelig.

Varmgang.

Korn og høy utvikler varme hvis de lagres fuktig. Denne varmen kommer tørkeprosessen til gode, men er skadelig for produktets kvalitet og for utbyttet. Torven er et dødt materiale, og ved lagring av strøtorv uansett fuktighet har en ikke påvist varmgang. En nærmere undersøkelse av forholdene ble ikke mulig innen den økonomiske ramme av denne undersøkelse. Vi har gått ut fra at varmgang ikke kan finne sted. Ved f. eks. høy er det meget sjenerende at den del av fyllingen som ikke måtte få ordentlig tørk vil bli skjent. Ved torv vil et slikt fuktig parti ikke være så farlig.

Tørkeforsøk.

Den tørkemetode som skulle undersøkes er basert på at uteluft blåses gjennom et sjikt av fuktig revet torv. Luften tilføres ikke annen varme enn den som utvikles i vifte og motor. I praksis er vi

interessert i å vite hvilken luft-hastighet og hvilken sjikthøyde vi bør bruke og hvor nær metning avgående luft vil komme. Når en kjenner disse forhold, kan en på basis av klimatabeller beregne tørkekapasitet pr. kvadratmeter gulvflate og medgått elektrisk energi. Vi var dess-uten interessert i å vurdere vanskelighetene med å oppnå jevn luftfordeling. For å undersøke disse forhold bygget vi en kvadratisk silo med 1 m sidekant og 2,2 m høyde, løst lokk med en kvadratisk tut med sidekant 200 mm (se fig. 2). Siloen var utstyrt med falsk bunn, men uten egentlig struparrangement for luftfordeling. En centrifugalvifte på 1,5 Hk med spjeld på sugesiden skaffet luft. Den var oppgitt å levere $1000 \text{ m}^3/\text{h}$ ved 100 mm VS. (vannsøyle).

Airflowen ble målt med pitot-rør i tilslutningsrøret for viften. Fuktigheten ble målt med hårhigrometer og psykrometer. Fuktigheten i inngående luft kunne økes ved å tilføre direkte damp i inn-sugningsrøret. Temperaturen var hele tiden romtemperatur. Viftens effektforbruk ble ikke målt. Ved lavere temperatur er den vannmengden som opptas pr. kg luft mindre, og en skulle vente at det var lettere å oppnå høy relativ fuktighet på avgående luft.

Forsøkene ble gjort med revet torv. Denne inneholdt adskillige knyttnevestore klumper. Da vi fikk den, var den svært fuktig, og den ble fortørket ved at vi spredte den ut over gulvet en tid. Torven ble så fylt i siloen, og det ble gjort forskjellige forsøk, hvert av noen timers varighet. Herunder tørket torven noe ut. Fyllingen er således ikke helt identisk i alle forsøkene. For disse forsøk hadde vi en romvekt som tilsvarer 144 kg torv pr. m^3 regnet som tørr torv (30 %). Torven «setter seg» noe når en får stor sjikthøyde og krymper litt sammen under tørkingen, men en bør ikke basere sine beregninger på høyere romvekt enn her angitt. Hvert forsøk ble kjørt så lenge at det ble oppnådd stasjonære forhold. Hvis torven har stått en tid, har den antatt værelsestemperatur, og man har unormale forhold inntil torven får avkjølt seg til likevektstemperatur (våtkuletemperatur). I løpet av to timer ble forholdene meget nær stasjonære.

Trykktapet er en viktig faktor. Høyt trykktap resulterer i




Fig. 2. Forsøkstørke.

liten luftmengde pr. kWh og dermed dårlig utnyttelse av uteluftens tørkeevne. Trykktapet setter grensen for hvor høyt sjikt man kan regne med i tørkeanlegget. Som man mårte vente er trykket nær proporsjonalt med sjikthøyden. Trykktapet er nokså stort. Ved en sjikthøyde på 2 meter kommer man opp i vel 200 mm VS. Ved den beskjedne lufthastighet av 6 cm/sek. (Ved høytørking brukes vanligvis 12 cm/sek, med et trykktap på 20 mm VS.) Det kan tenkes at en grovere riving vil bedre forholdet. Målingene viste videre at trykktapet er nær proporsjonalt med lufthastigheten. Ved en sjikthøyde på 93 cm fant vi et trykktap på 85 mm VS. ved 6 cm/sek. og 160 mm VS. ved 12 cm/sek. Velges for høy lufthastighet blir ikke bare trykktapet høyt og virkningsgraden dårlig, men en risikerer utblåsning. Dette er svært kjedelig da det stjeler masse luft som ikke gjør noen nytte og fører til opphvirveling av støv. Det er dessuten vanskelig å få stampet igjen et slikt hull.

Etter at de egentlige forsøk var avsluttet ble siloen fylt på ny og innholdet tørket ned. Herunder sank trykktapet etter som tørkingen skred frem. Det er ingen tvil om at torvfibrene trekker seg sammen når de tørker, og at en derfor får lavere trykktap. Men en vesentlig del av den observerte minsking av trykktapet skyldes kanaldannelse langs veggene. For å få et mer entydig uttrykk for trykktapet ble siloen tømt og fylt opp på ny med den samme torvmengde etter at den var tørket. Dette ga en sjikthøyde på 130 cm mot opprinnelig 172, og trykktapet ble nå 11, respektive 17 cm VS. ved henholdsvis 6 og 10 cm/sek. lufthastighet. Men under omfyllingen smuldret torven sterkt opp. Hadde den fått ligge i ro ville trykktapet utvilsomt blitt adskillig mindre. Noe mål for hvor meget trykktapet synker som følge av tørkingen har vi således ikke, men forandringen er nok meget vesentlig.

Fuktighet i avgående luft. Ved lufthastighet 6 cm/sek. var fuktigheten i avgående luft (ved 172 cm sjikthøyde) 94 %, men ved 12 cm/sek. sank den til 87 %.

Er innkommende luft svært tørr, når den ikke samme metningsgrad som når den er fuktig. Således fikk vi i et av forsøkene 90 % fuktighet i avgående luft når inngående luft lå over 60 %, mens inngående luft på 32 % bare nådde opp i 82 %. I praksis forekommer sjeldent fuktigheter på under 50 %. Gjennomsnittet ligger på over 70 %.

Sjikttykkelsens betydning for fuktigheten i avgående luft gir ikke forsøkene noen beskjed om. Man skulle vente at stor sjikthøyde ville gi bedre metning. Men forsøkene har ikke bekreftet dette. Forholdet ble ikke nærmere undersøkt, da andre hensyn vil være avgjørende for den sjikttykkelse man vil arbeide med.

Luftfordeling. Etter utførelsen av de beskrevne forsøk ble anlegget kjørt noen dager inntil avgående luft begynte å vise synkende fuktighet. Tørken ble så tømt, og det ble tatt ut prøver i seks sjikt. Resultatet er vist på fig. 3. Som ventet har en kraftig over-

tørking funnet sted i bunnen. Vi ser dessuten at torven langs veggene har tørket kraftig mens en kjerne i midten praktisk talt ikke har tørket i det hele tatt.

Det er lett å forklare dette forhold. Utenfor siloen var temperaturen ca. 20° mens den inni var nede i 14° C. Det har derfor kunnet skje en varmetransport gjennom veggene som har påskyndet tørkingen her. Dermed er luftmotstanden blitt mindre, og disse sjikt har trukket til seg en stadig større del av luftstrømmen. Krypming av hele torvmassen har virket i samme retning. Forsøket viser at faren for ujevn tørk er betydelig, og at en ikke bør ha lufttilførsel nær veggene. Ved de lave sjikt og store flater som blir aktuelle i praksis spiller veggeffekten for øvrig liten rolle.

Konklusjon.

En kan gjøre seg håp om å nå omkring 90 % fuktighet på avgående luft. Den praktiske sjikthøyde kan ved begynnelsen av tørkingen være ca. 1,5 meter og ved etterfylling kan man antagelig gå opp til ca. 2,5 meter. Lufthastigheten vil ligge på ca. 6 cm/sek. eller litt over, særlig hvis en ikke etter-fyller mot slutten av tørkingen. Viftens trykk kan være 200 à 250 mm VS. En bør være forberedt på at det kan by på vanskeligheter å få jevn luftfordeling.

Teoretisk del.

Tørkemekanismen.

Å tørke er det samme som å fordampe vann. Dette krever energi som tas fra luften. Skal tørking finne sted, vil derfor luftens temperatur synke og fuktigheten i luften øke når den passerer tørkegodset. Er luften på forhånd svært fuktig, kan den ikke oppta mer vann, og det skjer ingen ting. Naturtørk er basert på at uteluften er så tørr at den kan oppta fuktighet. Ved kunstig tørking varmes luften opp. Herunder blir dens absolutte vanninnhold uforandret, og den relative fuktighet (forholdet mellom den vannmengde den inneholder og den som teoretisk kan opptas) avtar.




Fig. 3. Skjema over tørkingens forløp i tørkens forskjellige partier.

Tabell I.

Daglig variasjon i temperatur og relativ fuktighet for Oslo.

KUNSTIG TØRKING AV TORV

199

KL.	Mars	°C	April		Mai		Juni		Juli		August		September	
			%	°C	%	°C	%	°C	%	°C	%	°C	%	°C
0	78,3	-1,8	74,6	2,6	73,2	7,8	74,8	12,4	81,3	14,3	85,0	13,3	88,3	9,5
1		-2,1		2,2		7,3		11,8		13,8		13,0		9,2
2	79,6	-2,3	76,8	1,9	75,8	6,9	78,4	11,3	84,7	13,4	87,0	12,7	89,3	9,0
3		-2,6		1,6		6,6		11,0		13,1		12,4		8,8
4	80,6	-2,8	77,9	1,4	77,8	6,4	79,2	11,0	85,4	13,0	88,0	12,2	89,9	8,6
5		-2,9		1,2		6,8		11,7		13,4		12,2		8,5
6	81,4	-3,1	77,6	1,5	74,0	7,6	72,5	12,8	79,6	14,4	85,8	12,8	90,1	8,5
7		-3,0		2,3		8,7		13,9		15,4		13,7		9,1
8	80,5	-2,5	72,6	3,4	66,4	10,0	64,0	15,2	69,9	16,6	77,6	15,0	85,3	10,3
9		-1,7		4,5		11,1		16,2		17,7		16,0		11,3
10	76,2	-0,6	64,6	5,6	59,2	12,3	56,5	17,4	61,2	18,9	69,2	17,1	76,0	12,5
11		0,3		6,6		13,2		18,2		19,8		18,0		13,5
12	68,4	1,2	58,6	7,4	54,4	13,9	53,0	18,9	56,2	20,6	63,4	18,7	68,0	14,3
13		1,8		8,0		14,4		19,4		21,0		19,1		14,9
14	64,7	2,2	54,9	8,3	52,7	14,6	51,2	19,5	53,7	21,2	62,1	19,4	63,5	15,3
15		2,2		8,3		14,6		19,5		21,2		19,3		15,2
